*Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene.*

I tillegg vert det presisert i §3-3:

*Kommunestyret skal sørge for å etablere en særskilt ordning for å ivareta barn og unges interesser i planleggingen.*

Dersom kommunen har ein representant peika ut til ansvar det vert vist til i §3-3 vil vi oppmode dykk til å også invitere han/henne inn i styringsgruppa.

### **Konklusjon**

Utkast til planprogram utgjer eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet med ein samla helse- og omsorgsplan for Herøy kommune. Planen vil kunne bli eit viktig verktøy for å sikre eit meir heilskapleg grep knytt til oppgåver og tenestetilbod på helse- og omsorgsområdet. Vi viser til våre merknader og kommentarar ovanfor. Vi minner også om vår høyringsfråsegn i samband med utkast til kommunal planstrategi for perioden 2016-2020. Det vart her retta søkelys mot fleire tema og fagområde med direkte kopling og relevans for det vidare arbeidet med helse- og sosialplanen. Fylkesmannen vil elles kunne vere ein viktig dialog- og samarbeidspart i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)  
samordnar

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar



*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Fagsaksbehandler**

Helse og sosial: Anne Mette Nerbøberg, [fmmranne@fylkesmannen.no](mailto:fmmranne@fylkesmannen.no) tlf. 71258528

## NOTAT

Til: Komite for helse og omsorg  
Bu- og habiliteringsavdelinga

Frå: Dokumentsenter og politisk sekretariat

Saksnr  
2017/1545

Arkivkode  
141

Dato  
02.02.2018

---

### **UTTALE FRÅ KOMITE FOR OPPVEKST TIL VARSEL OM OPPSTART AV ARBEID MED KOMMUNEDELPLAN HELSE OG OMSORG, UTLEGGING AV PLANPROGRAM TIL OFFENTLEG ETTERSYN.**

Komite for oppvekst har i møte den 31.01.2018 kome med slik uttale til saka:

«Komite for oppvekst ønskjer å bli kobla på når det gjeld førebyggjande arbeid og andre tenestoområde inn mot oppvekst.»

Med helsing

Lisbeth Moltu Espeseth  
e.f.



## NOTAT

Til: Herøy kommune

Frå: Eldrerådet

Saksnr  
2017/1545

Arkivkode  
141

Dato  
16.01.2018

---

### **UTTALE FRÅ ELDRERÅDET 15.01.2018**

#### **RS 1/18. Uttale til planprogrammet.**

Eldrerådet etterlyser kjøkkentenesta ifht ernæring og mathelse for pasientane.

Med helsing

Eldrerådet

*ei-báttengd-bæ*



Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÁG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840  
E-post: [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no) [www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]

Sendt: 10.01.2018 12:39:55

Til: Brit Berge

Tittel: VS: UTTALE, Varsel om oppstart og utlegging av planprogram til offentlig ettersyn

---

**Fra:** Camilla Storøy

**Sendt:** 10. januar 2018 11:15

**Til:** Arkiv Herøy <arkiv@ssikt.no>

**Emne:** UTTALE, Varsel om oppstart og utlegging av planprogram til offentlig ettersyn

Som barnerepresentant har eg ingenting å kommentere på den utlagde planen. Eg set min lit til at Barna sine interesser vert godt ivaretatt av alle dei ulike gruppene som er representert.

Helsing Camilla Storøy, Barnerepresentant


Helsing

**Camilla Storøy**

Varaordfører og adjunkt

HE Administrativ leiing

*Tlf. 70081300 Dir. 41424728*



[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

**Fra:** Gro Anett Frøystad Voldsund [<mailto:gro.anelle.froystad@heroy.kommune.no>]

**Sendt:** tysdag 2. januar 2018 13:09

**Til:** Camilla Storøy <[camilla.storoy@heroy.kommune.no](mailto:camilla.storoy@heroy.kommune.no)>

**Emne:** Varsel om oppstart og utlegging av planprogram til offentlig ettersyn



Eigedomsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2016/646
		Arkiv:	614

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/18	Plan og byggenemnd	05.04.2018
65/18	Formannskapet	10.04.2018
	Kommunestyret	19.04.2018

### PROSJEKT 61604 - HOVUDBRANNSTASJON - VAL AV UTBYGGINGSTOMT

#### Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Plan og byggenemnd - 05.04.2018

1. Herøy Kommunestyre vedtek riving av delar av eksisterande brannstasjon og driftsbasis og oppføring av tilbygg for ny brannstasjon og driftsbasis.
2. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet i samsvar med gjeldande reglement.

#### Tilråding:

3. Herøy Kommunestyre vedtek riving av delar av eksisterande brannstasjon og driftsbasis og oppføring av tilbygg for ny brannstasjon og driftsbasis.
4. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet i samsvar med gjeldande reglement.

Særutskrift:

Eigedomsavdelinga v/ eigedomsleiar

Økonomiavdelinga

Kommunalsjef Samfunnsutvikling

Herøy brann og redning

Hovudverneombodet

Arbeidstilsynet, Postboks 4720 Sluppen, 7468 Trondheim

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde

## Vedlegg:

### Uprenta vedlegg

1. K-sak 111/17
2. K-sak 132/17

### Prenta vedlegg


1. Oversiktskart
2. Kvadratbygg Utbygging AS – tilbud om kjøp – aksept av tilbud
3. Herøy Eigedom AS - tilbud om kjøp – avslag på tilbud - mottilbud
4. Stig Konrad Berge – tilbud om kjøp – avslag på tilbud
5. Baro Industriendom AS – tilbud om kjøp – avslag på tilbud
6. Tilbygg til eksisterende brannstasjon og driftsbasis – revidert forprosjekt

## Samandrag av saka:

Saka gjeld Prosjekt 61604 – Hovudbrannstasjon - val av utbyggingstomt, alternativt vedtak om riving og bygging av tilbygg til eksisterende brannstasjon og driftsbasis.

Kommunestyret har tidlegare vedteke og finansiert opp bygging av ny hovudbrannstasjon og gitt rådmannen i oppdrag å finne ei utbyggingstomt for prosjektet. Rådmannen har ikkje funne ei eigna tomt, dels fordi aktuelle grunneigarar anten har sagt nei til sal av eigedom eller har stilt andre krav som ikkje er gjennomførbare innanfor eksisterende prosjektbudsjett.

Kommunale tomter er også vurdert, herunder om eksisterende brannstasjon og driftsbasis likevel kan byggast om. Rådmannen tilrår i den samanheng å forkaste nybyggprosjektet og tilrår riving av eksisterende bygg – unntatt verkstedet – for oppføring av tilbygg for ny brannstasjon og driftsbasis.



Førebels skisse 23032018.



### **Saksopplysningar:**

Saka gjeld Prosjekt 61604 – Hovudbrannstasjon - val av utbyggingstomt, alternativt vedtak om riving og bygging av tilbygg til eksisterande brannstasjon og driftsbasis.

### Bakgrunn

Kommunestyret handsama i K-sak 111/17 alternative forprosjekt for ny hovudbrannstasjon for Herøy og gjorde slikt vedtak, sjå uprenta vedlegg 1:

1. *Kommunestyret godkjenner forprosjekt for ny hovudbrannstasjon.*
2. *Kommunestyret ber administrasjonen sjå etter alternative tomter.*
3. *Saka kjem tilbake til kommunestyret i neste møte.*

Kommunestyret handsama mandat for forhandlingar om grunnerverv i K-sak 132/17 og gjorde slikt vedtak, sjå uprenta vedlegg 2:

1. *Kommunestyret tek sak om alternative utbyggingstomter til orientering og ber rådmannen om å gå i forhandlingar med grunneigarane av utbyggingstomt 1, 2, 3 og 4 og Barotomta om eventuelt erverv av naudsynt grunn.*
2. *Kommunestyret ber om at forhandlingsresultat og endeleg val av utbyggingstomt vert fremma til ny handsaming i kommunestyret i november.*
3. *Kommunestyret ber rådmannen om å søke prosjekt 61604 Hovudbrannstasjon innarbeidd i budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021.*
4. *Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet i samsvar med gjeldande reglement, føreset naudsynt finansiering.*

### Budsjett 2018 – Økonomiplan 2018-2021

Prosjektet er i budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 finansiert opp slik:

Prosjekt	2018	2019	2020	2021	SUM
Hovudbrannstasjon	10 000 000	18 000 000	-	-	28 000 000

Budsjettløyvinga er kr. 5 mill. lågare enn administrasjonens kostnadskalkyle på totalt kr. 33 mill. og føreset nybygg på byggeklar tomt.

### Forhandlingar om grunnerverv

Administrasjonen har gjennomført forhandlingar om grunnerverv med grunneigarane i samsvar med kommunestyrets vedtak, sjå oversiktskart i vedlegg 1. Basert på forhandlingsutfallet har administrasjonen også vurdert andre tomtealternativ. I oversiktskartet er desse andre tomtealternativa markert som alternativ 6 til 9.

**Oversiktskartet er kun meint som orientering om dei ulike tomtealternativa si plassering i forhold til kvarandre og er ikkje meint som detaljert forslag til avgrensning av tomt og arealbehov.**

Administrasjonen har under forhandlingane samarbeid med Per Mulvik AS v/ takstmann Ottar Skare om taksering. Tilboda til grunneigarane byggjer på dei same føresetnadane for alle tomtene og inneber:

1. Grunneigar stadfestar å vere eigar og heimelshavar til dei aktuelle eigedomane
2. Grunneigar stadfestar at det ikkje kviler pengehefte, servituttar, realhefter, leigeavtalar, andre private avtalar og/eller offentlege krav eller pålegg knytt til eigedomane som kan vere til hinder for Herøy kommunes ynskje om å bygge hovudbrannstasjon på eigedomen.
3. Grunneigar stadfestar at det ikkje er funne forureining eller ligg føre kunnskap om forureina grunn på Eigedomen.
4. Grunneigar stadfestar at Eigedomen kan overtakast av Herøy kommune innan 31.01.2018.

Vi har i tilboda teke atterhald om kommunestyrets godkjenning av tilbodet og presisert at det pågår parallelle forhandlingar med fleire grunneigarar og at det berre er aktuelt å inngå avtalar for eitt tomtealternativ.

### Forhandlingsresultat

Fylgjande tilbud er oversendt grunneigarane og med slikt forhandlingsresultat:

#### **1. Ospenesvegen 3**

Ospenesvegen 3 er i oversiktskartet markert som tomt nr. 1.



Grunneigar og heimelshavar Kvadratbygg Utbygging AS har fått tilbod om å selje gnr. 37 bnr. 412 til kommunen for kr. 4 924 000,-. Tilbodet føreset eit samla areal på 4 924 m<sup>2</sup> og ein pris pr. m<sup>2</sup> på kr. 1 000,-, sjå prenta vedlegg 2.

Vi har ikkje funne grunnlag for å redusere tilbodet til å omfatte berre delar av grunneigedomen. Grunneigar har heller ikkje interesse av å behalde eit eventuelt restareal til eige formål.


Grunneigar har akseptert kommunens tilbod om kjøp, sjå prenta vedlegg 2.





#### 4. Buholmvegen 10

Buholmvegen er i oversiktskartet markert som tomt nr. 4.



Grunneigar Stig Konrad Berge har fått tilbud om å selje gnr. 29 bnr. 5 til kommunen for kr. 3 800 000,-. Tilbudet føreset eit samla areal på 12 754 m<sup>2</sup> og ein pris pr. m<sup>2</sup> på kr. 300,-, sjå prenta vedlegg 4.

**Grunneigar har avslått kommunens tilbud om kjøp, sjå prenta vedlegg 4.**

#### 5. Mjølstadnesvegen 8

Mjølstadnesvegen er i oversiktskartet markert som tomt nr. 5.



Grunneigar Baro Industrieiendom AS har fått tilbod om å selje del av gnr. 23 bnr. 29 til kommunen for kr. 1 177 752,-. Tilbodet føreset eit samla areal på 3 703 m2 og ein pris pr. m2 på kr. 248,-, sjå prenta vedlegg 5.

Estimerte kostnader til naudsynt oppfylling av eksisterande grunneigedom til same nivå som Mjølstadnesvegen er trukke frå i det tilbod grunneigar har fått. Samstundes inneber denne tomta at det må byggast tilførselsvei til prosjektet. Totalkostnaden for prosjektet er såleis høgre enn tilbodet til grunneigar.

**Grunneigar har avslått kommunens tilbod om kjøp, sjå prenta vedlegg 5.**

\* \* \*

**Etter forhandlingar, vurderer administrasjonen situasjonen slik:**

Utbyggingsalternativa 4 og 5 – Buholmvegen 10 og Mjølstadnesvegen 8 – er uaktuelle som utbyggingstomter fordi grunneigarane har avslått kommunens tilbod om kjøp.

Utbyggingsalternativ 3 – Myklebustvegen 63 – er uaktuell som utbyggingstomt fordi prosjektet får kostnader både til grunnkjøp, riving av eksisterande bygningsmasse og nye lokalitetar for Nettbuss. Prosjektbudsjettet gir ikkje rom for ein slik avtale.

Utbyggingsalternativ 2 – Myklebustvegen 61 – utløyser på same vis som Myklebustvegen 63 kostnader til grunnkjøp, riving av eksisterande bygningsmasse og ein potensiell risiko for kostnader knytt til ureina masse i grunnen. Prosjektbudsjettet gir ikkje rom for ein slik avtale. Grunneigar på si side har vore positiv til eit samarbeid med Herøy kommune om prosjektet.

Utbyggingsalternativ 1 – Ospenesvegen 3 – utløyser kostnader til grunnkjøp. Med unntak for gjeldande regulering til bustadføre mål, vurderast tomta som byggeklar. Grunneigar er også her positiv til eit samarbeid med Herøy kommune om prosjektet.


**Tre av fem tomter er såleis ikkje lenger aktuelle for prosjektet. På bakgrunn av dette ba difor Rådmannen om at fylgjande alternative tomter vart vurdert:**

- Sjukeheimsvegen 5 B
- Sjukeheimsvegen 10
- Eggesbøvegen 11 og 13
- Grønhaugsvegen 3 og 5

I tillegg ynskte rådmannen ei ny vurdering av om eksisterande brannstasjon og driftsbasis kan vidareutviklast for å løyse prosjektet.

## 6. Sjukeheimsvegen 5 B


Sjukeheimsvegen 5 B er i oversiktskartet markert som tomt nr. 6.



Tomta er i kommunalt eige. Bygningsmassen – tidlegare Herøy omsorgssenter, gul avdeling – er fråflytta og skal etter planen rivast i 2018.

## 7. Sjukeheimsvegen 10

Sjukeheimsvegen 10 er i oversiktskartet markert som tomt nr. 7:




Tomta er i kommunalt eige. Bygningsmassen vert delvis nytta som lokale for Aktivitetssenteret og Vaksenopplæring, delvis til utleige av omsorgsbustadar. I tillegg er kjellaren nytta til lager for eigedomsavdelinga.

## 8. Eggesbøvegen 13 og 15

Eggesbøvegen 13-15 er i oversiktskartet markert som tomt nr. 8.






Eigedomen er eigd av Herøy kommune og har eit samla areal på om lag 5 158 m<sup>2</sup>. Tomta er ubebygd, men har ei krevjande utforming.

### 9. Grønhaugvegen 3 og 5

Grønhaugvegen 3 og 5 er i oversiktskartet markert som tomt nr. 9.



Tomta er i privat eige og er ubebygd. Den største grunneigaren har i møte med eigdomsavdelinga avslått å drøfte forhandlingar om erverv av grunn til brannstasjon.

Vi har difor ikkje arbeida vidare med dette alternativet på administrativt nivå, men legg likevel alternativet fram for å synleggjere at tomta har vore til vurdering.

## **Tomteanalyse**

På denne bakgrunn har administrasjonen vurdert tomtene 1, 2, 6 og 7 opp mot dei moment som vart orientert om i K-sak 132/17. Tomtene 3, 4, 5, 8 og 9 er ikkje vurdert mot desse momenta, jf. ovannemnde forhandlingar om grunnerverv mm.

### **Uttrykningstid (U)**

Sektor Samsfunnsutvikling har utarbeida kjøretidsanalyser for tomtealternativa som syner rekkevidde frå dei ulike tomtealternativa innanfor netto tilgjengeleg uttrykningstid på natt frå stasjon til brannstad (4 minutt). Dei fire tomtene ligg innanfor same område og får 4 poeng kvar for dette momentet.

### **Eigarsituasjon (E)**

Både Ospenesvegen 3 (alt. 1) og Myklebustvegen 61 (alt. 2) er i privat eige og får 1 poeng kvar. Øvrige tomter er i kommunalt eige og får 2 poeng kvar.

### **Reguleringsformål (RP) (2)**

Ospenesvegen 3 (alt. 1) er regulert til bustadføremål medan Myklebustvegen 61 (alt. 2) er avsett til kombinert bebyggelse og anleggsføremål.

Sjukaheimsvegen 5 B (alt. 6) er omfatta av gjeldande reguleringsplan for helse- og omsorgssenterområdet og såleis avsett til offentleg formål.


Sjukaheimsvegen 10 (alt. 7) ligg i uregulert område, men er i gjeldande kommuneplan avsett til offentleg eller privat tenesteyting.

Reguleringsføremålet inneber at Ospenesvegen (alt. 1) må omregulerast før utbygging, alternativt må det innvilgast dispensasjon for utbygging av brannstasjon. Tomta får difor berre 1 poeng. Øvrige tomter krev ikkje omregulering eller dispensasjon for å kunne byggast ut og får 2 poeng kvar.

### **Storleik og utforming (SU)**

#### Ospenesvegen 3

Ospenesvegen 3 (alt. 1) har eit samla areal på om lag 4 900 m<sup>2</sup>. Tomta sin storleik og utforming er sålæis eigna for brannstasjonprosjektet. Tomta skrånar forholdsvis bratt oppover mot FV 654, noko som inneber at prosjektet vil utløyse forholdsvis omfattande støttemurar mot FV 654. Det er likeins lite plass for vidare utvikling av stasjonen og lite plass for parkering. Tomta får difor berre 2 poeng.




### Myklebustvegen 61


Myklebustvegen 61 (alt. 2) har eit samla areal på om lag 3 700 m<sup>2</sup>. Tomta er forholdsvis flat men er på grunn av si L-form krevjande å tilpasse til prosjektet. Likeins får tomta ei grense mot Myklebustvegen 63 (alt. 3), som gjer at prosjektet må omarbeidast fullstendig for å passe inn på tomta. Arkitektut utarbeidde enkle skisser for dette alternativet, som vart forkasta grunna den omfattande endringa. Tomta får difor berre 2 poeng på dette punkt.

### Sjukeheimsvegen 5 B

Sjukeheimsvegen 5 B (alt. 6) er ikkje stor nok slik tomta er arrondert i dag, men ei utviding av byggeområdet inn mot parkeringsareal og tilkomstveg vil kunne løyse dette. Ein må likens etablere parkering på andre sida av vegen, ved dagens brannstasjon. Tomta får difor berre 1 poeng på dette punkt.



Sjukeheimsvegen 10  
Sjukeheimsvegen 10 (alt. 7) har ei god utforming og areal, har utvidingsmoglegheit og god moglegheit for parkering. Tomta får 4 poeng.



### **Tilkomst til hovudfartsåre (T) (3)**

Ein brannstasjon i Ospenesvegen 3 (alt. 1) inneber auka belastning på ein veg som allereie er belasta med trafikk til og frå Gnist barnehage og tilgrensande bustadbebyggelse. Samstundes ligg utkjørsel til FV 654 nær opp til avkjørsla til bustadbebyggelsen på Myklebust. Administrasjonen vurderer trafikksituasjonen som dårleg, særleg i morgonrushet og ved arbeidshagens slutt. Alternativet får difor berre 1 poeng.

Myklebustvegen 61 (alt. 2) har tilkomst direkte frå FV 654, noko som er bra både for brannmannskap på veg til stasjonen og ved uttrykning frå stasjonen. Alternativa får 4 poeng.

Sjukeheimsvegen 5 B (alt. 6) og Sjukeheimsvegen 10 (alt. 7) har kort tilkomst til hovudfartsåre via Sjukeheimsvegen og får 3 poeng.

### **Naboforhold (N) (2)**

Ein brannstasjon på Ospenesvegen 3 (alt. 1) inneber i større grad eit framandelement inn mot bustadbebyggelse og eksisterande barnehage enn det dagens reguleringsføremaal til bustad legg opp til. Alternativet får 1 poeng.

Ein brannstasjon ved Myklebustvegen 61 (alt. 2) inneber etter administrasjonens vurdering ei meir naturleg utviding av den næring som allereie er etablert i området. Tomta får 2 poeng.

Sjukeheimsvegen 5 B (alt. 6) er plassert innanfor det som til no har vore avsett til helse- og omsorgstenester. Alternativet får 2 poeng.

Sjukeheimsvegen 10 (alt. 7) er plassert innanfor eit område som allereie er nytta til kommunaltekniske tenester og får 4 poeng.

### **Grunnforhold**

For Ospenesvegen 3 (alt. 1) er det både i takst og administrativt lagt til grunn at grunnforhold er kurrante. Alternativet får 3 poeng.

I taksten for Myklebustvegen 61 (alt. 2) er det teke atterhald om udokumenterte grunnforhold. Dette påverkar både marknadsvurderinga og kommunens tilbod. Alternativet får difor berre 2 poeng.

Sjukeheimsvegen 5 B (alt. 6) er truleg i hovudsak fjellgrunn, men får berre 2 poeng då det er mistanke om at grunnen er forureina med olje frå Herøy omsorgssenter – gul avdeling. Omfang og alvorsgrad for dette vert avklart under rivinga av bygget. Alternativet får difor berre 2 poeng.

Det er gjennomført mindre prøvegraving innanfor Sjukeheimsvegen 10 (alt. 7). Tomta består dels av fjell, dels av utfyllt masse. Det er også her funne søppel frå tidlegare deponi. Tomta får difor berre 1 poeng.

I tillegg til ovannemnde faktorar, har vi også vurdert tomtealternativa opp mot fylgjande moment knytt til sjølve prosjektgjennomføringa:

### **Prosjektøkonomi (PØ) (5)**

#### Ospenesvegen 3

Ospenesvegen 3 (alt. 1) framstår som ei i utgangspunktet byggeklar tomt, men får berre 4 poeng grunna behovet for grunnkjøp.

#### Myklebustvegen 61

Myklebustvegen 61 (alt. 2) har både rivingsverdig bebyggelse og udokumentert bæreevne knytt til grunnforhold. Samstundes aksepterer ikkje grunneigar frådrag for dette ved kjøp. Grunneigars motbud tilsvarer den totalkostnad som vart lagt til grunn i taksten for grunnkjøp, riving av eksisterande bygningsmasse og masseutskifting av grunnmasse med dårleg bæreevne. Dersom kommunen aksepterer eit slikt bod vil difor prosjektet også verte dyrare, då vi ikkje får trekke frå kostnadane til riving og masseutskifting ved kjøpet av eigedomen. Alternativet får difor berre 2 poeng.

#### Sjukeheimsvegen 5 B

Riving av bygningsmasse på Sjukeheimsvegen 5 B (alt. 6) er allereie finansiert gjennom budsjettvedtaket for 2018. Samstundes må tomta tilrettelaggast for utbygging gjennom riving av tilgrensande uteboder, omlegging av tilkomst og reduksjon i antall parkeringsplassar for helse- og omsorgstilbodet i området. Alternativet får 3 poeng.

#### Sjukeheimsvegen 10

Sjukeheimsvegen 10 (alt. 7) inneber riving av eksisterande bebyggelse og etablering av alternative lokale for dagens aktivitetstilbod og flytting av kommunale leigetakarar elles. Dette må løysast gjennom innleige av lokale frå private og medfører auka kostnadar til innleige over driftsbudsjettet. Tomta har også usikre grunnforhold på grunn av tidlegare søppeldeponi i området. Alternativet får difor berre 3 poeng.

### **Prosjektframdrift (PF)**

Prosjektframdrift er påverka av behovet for grunnkjøp, riving av bebyggelse, grunnundersøkelser, reguleringsforhold og andre naudsynte tiltak før prosjektet kan starte opp.

#### Ospenesvegen 3

Ospenesvegen 3 (alt. 1) er raskare tilgjengeleg for utbygging enn ei bebyggt tomt. Samstundes inneber gjeldande regulering at tomta må omregulerast i samsvar med utbyggingsprosjektet. Tomta får difor berre 3 poeng.

#### Myklebustvegen 61

Myklebustvegen 61 (alt. 2) medfører at eksisterande bygningsmasse må miljøsanerast og rivast før utbygging kan starte. I tillegg må det gjennomførast grunnundersøkelser med tanke på mogleg forureining. Tomta får 2 poeng.

#### Sjukeheimsvegen 5 B

Riving av bebyggelsen på Sjukeheimsvegen 5 B (alt. 6) er finansiert over 2018-budsjettet og anbodskonkurranse for riving er allereie utlyst på Doffin.

Samstundes må dagens vegsystem flyttast og uteboder for tilgrensande utleigebustadar rivast og eventuelt flyttast til alternativ lokasjon. Alternativet får difor berre 3 poeng.

#### Sjukeheimsvegen 10

Sjukeheimsvegen 10 (alt. 7) medfører at eksisterande leigetakarar og kommunalt aktivitetstilbod må flyttast til alternative lokasjonar. I tillegg må eksisterande bygningsmasse miljøsanerast og rivast før utbygging kan starte opp. Då prøvegravningar i området syner at det også her er problem med søppelfylling, må ein truleg også gjennomføre grunnundersøkingar før utbygging. Alternativet får 2 poeng.

\* \* \*

Samanfatningsvis får dei ulike tomtene slik rangering, basert på ovannemnde vurdering:

I prioritert rekkefølge	U	E	R	SU	T	N	G	PØ	PF	SUM
1. Ospenesvegen 3	4	1	1	2	1	1	3	4	3	20
2. Myklebustvegen 61	4	1	3	2	4	2	2	2	2	22
6. Sjukeheimsvegen 5 B	4	2	3	1	3	2	2	3	3	23
7. Sjukeheimsvegen 10	4	2	3	4	3	4	1	3	2	26

Skal ein prioritere etter total poenggivnad, burde administrasjonens tilrå utbygging ved Sjukeheimsvegen 10 (alt. 7). Men prosjektalternativet innebær kostnader til miljøsanering og riving av eksisterande bebyggelse, kostnader til alternative lokale for dagens aktivitetstilbod, behov for å finne nye bustadar for eksisterande leigetakarar og grunnundersøkingar for å verifisere at tomte kan byggast ut.

Alternativet er å tilrå utbygging på Sjukeheimsvegen 5 B (alt. 6), men administrasjonen er skeptisk til dette på grunn av den prioriterte arealet til no har hatt til helse og omsorgsformål. Likeins krev dette prosjektet omlegging av delar av det interne vegnett på sjukeheimsområdet og riving av eksisterande boder til utleigebustadane i Sjukeheimsvegen 7, 9, 11 og 13.

Likeins krev øvrige tomtealternativ kostnader til grunnkjøp, riving av bebyggelse, tiltak mot tilgrensande naboeigedomar og alternative lokalitetar som prosjektbudsjett ikkje gir rom for.

**På denne bakgrunn rår administrasjonen til at kommunestyret gjer om sitt vedtak om å bygge ny og frittstående brannstasjon til eit vedtak om å rive eksisterande brannstasjon og verkstad – med unntak for verkstaden – for bygging av eit tilbygg til eksisterande bygningsmasse. Tiltådinga byggjer på fylgjande føresetnadar:**

1. Eksisterande brannstasjon og driftsbaser – med unntak for eksisterande verkstadbygg – rivast for å gi plass for ein ny brannstasjon og driftsbaser, basert på same byggemetode som prosjektfinansieringa føreset.

Då forprosjektet var oppe til handsaming i kommunestyret fyrste gong, vart det lagt til grunn at rehabilitering av eksisterande brannstasjon og driftsbaser ville medføre behov for forsterking av eksisterande bygningskropp for å

muliggjere ei 2. etasje. Dette begrensar både byggemetode og funksjonaliteten i prosjektet. Ved å rive størsteparten av bygningskroppen unngår ein dette. Samstundes kan deler av bygningsmassen gjenbrukast til rimelege lagerlokale for uteseksjonen. Gjenbruk føreset at kommunen som byggherre har ein konkret plan om gjenbruk i næraste framtid. Det er ikkje adgang til å mellomlagre planlagt gjenbruksmateriale i påvente av eit framtidig prosjekt.

2. Administrasjonen har også tidlegare vurdert ein felles brannstasjon og driftsbasis som det beste alternativet, då dei driftsmessige fordelane ved samlokalisering og sambruk utvilsomt vil vere eit gode for Herøy kommune. Likeins medfører dette alternativet at ein får nyttiggjere seg dagens driftsbasisfunksjonalitar på best mogleg måte, både for Herøy brann og redning og for Sektor Samfunnsutvikling sin Uteseksjon.
3. Dagens drift og beredskap kan må flyttast til mellombelse lokalitetar i byggeperioda. Eigedomsavdelinga har drøfta dette med prosjektgruppa og kan tilrå at anlegg- og driftsavdelinga sin uteseksjon mellombels flytter til renseanlegg II (RA II) medan brannstasjonen mellombels vert etablert i verkstadbygget og med kontorlokalitetar for førebyggjande brannvern og brannmester/brannsjef i kontorbrakker eller i ledige kontorlokaler på Rådhuset.

**På bakgrunn av ovannemnde har arkitekt revidert og kvalitetsikra det forslag som vart utarbeida for dette prosjektet opphavleg. Revidert forprosjekt fyl vedlagt. Funksjonane er dei same som førre prosjekt, men arealbruken er endra for å betre funksjonaliteten i prosjektet, sjå prenta vedlegg 6.**



### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen rår kommunestyret til å vedtak riving av delar av eksisterande brannstasjon og driftsbasis for tilbygg for ny brannstasjon og driftsbasis. Kommunestyret bør samstundes gjere om tidlegare vedtak om å bygge ny og frittstående brannstasjon på alternativ tomt.

Prosjektbudsjettet i inneværande tilråding til investeringsbudsjett er på kr. 28 mill. fordelt over 2018 og 2019. Riving av eksisterande bygningsmasse kan medføre behov for tilleggsøyvingar. Samstundes gir forslaget om å rive hovuddelen av eksisterande stasjon høve til å sette opp eit tilbygg etter same byggemetode som låg til grunn for budsjettvedtaket for eit nybygg.

Rådmannen vurderer dette prosjektoalternativet som det beste for Herøy kommune isolert sett, både når det gjeld funksjonalitet og plassering. Dette fordi eksisterande driftsbasis vert vidareført og oppgradert saman med hovudbrannstasjonen til ei heilskapleg løysing samstundes som at kommunens eigedomar på Eggesbønes vert nytta fullt ut innanfor dei begrensningar tidlegare bruk fører med seg.

#### Konsekvensar for folkehelse:

God beredskap er viktig for folkehelsa.

#### Konsekvensar for beredskap:

Brannberedskap og forsvarlege arbeidsvilkår for dei tilsette i brannvernet er

#### Konsekvensar for drift:


Bygging av ny hovudbrannstasjon aukar dei bygningsmessige driftskostnadane til kommunen. Samlokalisering av brannstasjon og driftsbasis inneber derimot langt betre sambruk av areal og funksjonar enn eit frittstående nybygg ville gjere.

Fosnavåg, 06.11.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Robert Myklebust  
Eigedomsløiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust



## Tegnforklaring

<i>Eiendomsinformasjon</i>	
	Sikker grense - koordinatfesta
	Usikker grense - ikkje koordinatfesta
	Fektiv grense - ikkje koordinatfesta
	Eiendomsteig



Herøy Eigedom AS  
Att. Jannike Lovise Fylling  
Gamle Myklebustveg 1  
6092 FOSNAVÅG

Offl. 23 1. ledd

Saksnr  
2016/646

Arkiv  
614

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar  
EIG / RMY

Dato  
06.11.2017

## FORHANDLING OM GRUNNERVERV - TILBOD

Vi viser til Herøy kommunes behov for grunnerverv i samband med bygging av ny hovudbrannstasjon og innleiande orienteringsmøte med Herøy Eigedom AS v/ Jannike Fylling og Kurt Fylling.

### Tilbod

Herøy kommune tilbyr å kjøpe gnr. 37 bnr. 92, bnr. 160 og bnr. 309 og del av bnr. 180 og bnr. 382 i samsvar med kartskissa nedanfor for kr. 3 648 783,-.



Tilbodet føreset eit areal på totalt 3 703,3 m2 og vert justert etter endeleg arealoppmåling basert på kr. 995 pr. m2.

Estimerte kostnadar til riving av eksisterande bebyggelse på eigedomen er trukka frå i ovannemnde vurdering.

Kostnadar til oppmåling og frådelling, dokumentavgift og tinglysing av skjøte kjem i tillegg og vert bekosta av Herøy kommune som kjøpar.

#### Føresetnadar for tilbodet

Tilbodet føreset fylgjande:

1. Herøy Eigedom AS stadfestar å vere eigar og heimelshavar til ovannemnde eigedomar.
2. Herøy Eigedom AS stadfestar at det ikkje kviler pengehefte, servituttar, realhefter, leigeavtalar, andre private avtalar og/eller offentlege krav eller pålegg knytt til eigedomen som kan vere til hinder for Herøy kommunes ynskje om å bygge hovudbrannstasjon på eigedomen.
3. Herøy Eigedom AS stadfestar at det ikkje er funne forureining eller ligg føre kunnskap om forureina grunn på Eigedomen.
4. Herøy Eigedom AS stadfestar at Eigedomen kan overtakast av Herøy kommune innan 31.01.2018.

#### **Atterhald om kommunestyrets godkjenning**

Vi tek atterhald om kommunestyrets godkjenning av ovannemnde tilbod og Herøy Eigedom AS' eventuelle aksept av tilbodet. Vi minner samstundes om at vi er i forhandlingar med andre grunneigarar om alternative eigedomar og at det utelukkande vert inngått avtale om kjøp av grunn med ein av desse.

#### **Vidare framdrift**

Som opplyst i vårt møte, har vi målsetting om å fremme sak til kommunestyrets møte 30.11.2017 om val av utbyggingstomt.

**Vi må difor ha bindande og skriftleg tilbakemelding frå Herøy Eigedom AS innan 17.11.2017 kl. 14:00. Vi ber om at eventuelle spørsmål til tilbodet rettast til underteikna på telefon 99 09 52 51.**

Med helsing

  
HERØY KOMMUNE  
Frieidomsavdelinga  
Robert Myklebust  
Avdelingsleiar

Robert Myklebust  
Sakshandsamar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*

Herøy Eigedom AS  
Gamle Myklebustveg 1  
6092 Fosnavåg

Herøy Kommune  
Eigedomsavdelinga

Vedrørende forhandling om grunnerverv-tilbud. Saksnr. 2016/646.

Herøy Eigedom AS har i dag søndag 19.11.2017 hatt styremøte og vurdert tilbudet fra Herøy Kommune på kr 3.648 783,- for eigedommane som er markert i kartskissa i tilbudet.

Styret har komt til at den prisen er for lav. Herøy Eigedom har sjølv betalt ca. 6 000 000,- kr for eigedommane.

Herøy Eigedom AS vil derfor gi Herøy kommune mulighet til å kjøpe eigedommane som er nevnt for kr. 4.950 000,- kr. med samme betingelser som nevnt i tilbudet, bortsett fra følgende:

1. Tomtegrensa mot Gnr.37 Bnr. 381 må justeres med ca. to meter så avstand mellom tomtegrense og bygg på gnr.37 bnr 381 blir minimum 6 meter.
2. Kostnader vedrørende riving av bygninger og rydding av tomt blir kosta av kjøper.

Tilbudet gjelder til 31.12.2017

Mvh  
Herøy Eigedom

Jannike Fylling

Kurt Fylling



Stig Konrad Berge

Kvithaugsmyra 37  
6092 FOSNAVÅG

Offl. 23 1. ledd

Saksnr  
2016/646

Arkiv  
614

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar  
EIG / RMY


Dato  
06.11.2017

## FORHANDLING OM GRUNNERVERV - TILBOD

Vi viser til Herøy kommunes behov for grunnerverv i samband med bygging av ny hovudbrannstasjon og innleiande orienteringsmøte med deg som grunneigar den 02.11.2017.

### Tilbod

Herøy kommune tilbyr å kjøpe gnr. 29 bnr. 5 i samsvar med kartskissa nedanfor for kr. 3 800 000,-.



Tilbødet føreset eit areal på totalt 12 754,5 m<sup>2</sup> og vert justert etter endeleg arealoppmåling basert på kr. 300 pr. m<sup>2</sup>.

Kostnadar til oppmåling og frådelling, dokumentavgift og tinglysing av skjøte kjem i tillegg og vert bekosta av Herøy kommune som kjøpar.

#### Føresetnadar for tilbødet

Tilbødet føreset fylgjande:

1. Stig Konrad Berge stadfestar å vere eigar og heimelshavar til ovannemnde eigedomar.
2. Stig Konrad Berge stadfestar at det ikkje kviler pengehefte, servituttar, realhefter, leigeavtalar, andre private avtalar og/eller offentlege krav eller pålegg knytt til eigedomen som kan vere til hinder for Herøy kommunes ynskje om å bygge hovudbrannstasjon på eigedomen.
3. Stig Konrad Berge stadfestar at det ikkje er funne forureining eller ligg føre kunnskap om forureina grunn på Eigedomen.
4. Stig Konrad Berge stadfestar at Eigedomen kan overtakast av Herøy kommune innan 31.01.2018.

#### **Atterhald om kommunestyrets godkjenning**

Vi tek atterhald om kommunestyrets godkjenning av ovannemnde tilbød og din eventuelle aksept av tilbødet. Vi minner samstundes om at vi er i forhandlingar med andre grunneigarar om alternative eigedomar og at det utelukkande vert inngått avtale om kjøp av grunn med ein av desse.

#### **Vidare framdrift**

Som opplyst i vårt møte, har vi målsetting om å fremme sak til kommunestyrets møte 30.11.2017 om val av utbyggingstomt.

**Vi må difor ha bindande og skriftleg tilbakemelding frå deg innan 17.11.2017 kl. 14:00. Vi ber om at eventuelle spørsmål til tilbødet rettast til underteikna på telefon 99 09 52 51.**

Med helsing

  
HERØY KOMMUNE  
Eigedomsavdelinga

Robert Myklebust  
Avdelingsleiar

Robert Myklebust  
Sakshandsamar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*



**Fra:** [Stig Konrad Berge](#)  
**Til:** [Robert Myklebust](#)  
**Emne:** SV: Prosjekt 61604 - Hovudbrannstasjon - tilbod om kjøp av grunn frå Stig Konrad Berge  
**Dato:** 13. november 2017 12:25:52  
**Vedlegg:** [image001.png](#)

---


Hei.

Bud er AVSLÅTT. Nye eposta kan sendast på min private..massyferg@hotmail.com

Helsing

**Stig Konrad Berge**

*Tlf. 70081300*



[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

---

**Fra:** Robert Myklebust  
**Sendt:** 10. november 2017 15:35  
**Til:** Stig Konrad Berge <stig.konrad.berge@heroy.kommune.no>  
**Kopi:** Rolf-Henning Skrede Hide <rolf-henning.skrede.hide@heroy.kommune.no>  
**Emne:** Prosjekt 61604 - Hovudbrannstasjon - tilbod om kjøp av grunn frå Stig Konrad Berge  
**Viktighet:** Høy

**PROSJEKT 61604 - HOVUDBRANNSTASJON - TILBOD OM KJØP AV GRUNN FRÅ STIG KONRAD BERGE**

Sjå vedlegg. Vert også sendt pr. post.


Helsing

**Robert Myklebust**

Eigedomsleiar

Eigedom

*Tlf. 70081300 Mob. 99095251*



[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)



Baro Industriendom AS  
Att. Stig Kolbein Ulstein  
Mjølstadneset  
6092 FOSNAVÅG

Offl. 23 1. ledd

Saksnr  
2016/646

Arkiv  
614

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar  
EIG / RMY


Dato  
06.11.2017

## FORHANDLING OM GRUNNERVERV - TILBOD

Vi viser til Herøy kommunes behov for grunnerverv i samband med bygging av ny hovudbrannstasjon og innleiande kontakt med Baro Industriendom AS v/ Stig Kolbein Ulstein.

### Tilbod

Herøy kommune tilbyr å kjøpe deler av gnr. 23 bnr. 39 i samsvar med kartskissa nedanfor for kr. 1 177 752,-.



Tilbudet føreset eit areal på totalt 4 749 m<sup>2</sup> og vert justert etter endeleg arealoppmåling basert på kr. 248,- pr. m<sup>2</sup>. Det er i prisen teke inn eit fradrag for naudsynt oppfylling av eksisterande tomt før den er byggeklar.

Vi tek atterhald om at vi kan kome tilbake med revidert forslag til areal, etter at arkitekt har vurdert byggeprosjektet si plassering på denne tomta. Kostnadar til oppmåling og frådelling, dokumentavgift og tinglysing av skjøte kjem i tillegg og vert bekosta av Herøy kommune som kjøpar.

#### Føresetnadar for tilbudet

Tilbudet føreset fylgjande:

1. Baro Industrieigedom AS stadfestar å vere eigar og heimelshavar til ovannemnde eigedomar.
2. Baro Industrieigedom AS stadfestar at det ikkje kviler pengehefte, servituttar, realhefter, leigeavtalar, andre private avtalar og/eller offentlege krav eller pålegg knytt til eigedomen som kan vere til hinder for Herøy kommunes ynskje om å bygge hovudbrannstasjon på eigedomen.
3. Baro Industrieigedom AS stadfestar at det ikkje er funne forureining eller ligg føre kunnskap om forureina grunn på Eigedomen.
4. Baro Industrieigedom AS stadfestar at Eigedomen kan overtakast av Herøy kommune innan 31.01.2018.

#### **Atterhald om kommunestyrets godkjenning**


Vi tek atterhald om kommunestyrets godkjenning av ovannemnde tilbod og Baro Industrieigedom AS eventuelle aksept av tilbudet. Vi minner samstundes om at vi er i forhandlingar med andre grunneigarar om alternative eigedomar og at det utelukkande vert inngått avtale om kjøp av grunn for eitt av tomtealternativa.

#### **Vidare framdrift**

Som opplyst i vårt møte, har vi målsetting om å fremme sak til kommunestyrets møte 30.11.2017 om val av utbyggingstomt.

**Vi må difor ha bindande og skriftleg tilbakemelding frå Baro Industrieigedom AS innan 17.11.2017 kl. 14:00. Vi ber om at eventuelle spørsmål til tilbudet rettast til underteikna på telefon 99 09 52 51.**

Med helsing

  
HERØY KOMMUNE  
Eigedomavdelinga  
Robert Myklebust  
Avdelingsleiar

Robert Myklebust  
Sakshandsamar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*

**Fra:** Stig Kolbein Ulstein  
**Til:** [Robert Myklebust](#)  
**Emne:** SV: Forhandling om grunnnerverv  
**Dato:** 14. november 2017 11:35:04  
**Vedlegg:** [image003.png](#)

---

Hei,  
Viser til tilbud som vi mottok på fredag.

Vi velger å takke høflig nei.

Og ønsker lykke til videre i prosessen.

Regards,



Stig Kolbein Ulstein  
Controller

**Ulstein Marine Technology AS**  
Stålhaugen 5 NO-6065 Ulsteinvik  
Mobile +47 99 48 13 37  
[stig.kolbein.ulstein@ulmatec.no](mailto:stig.kolbein.ulstein@ulmatec.no) | [www.ulmatec.no](http://www.ulmatec.no)

---

**Fra:** Robert Myklebust [mailto:Robert.Myklebust@heroy.kommune.no]

**Sendt:** 30. oktober 2017 12:54

**Til:** Stig Kolbein Ulstein <Stig.Kolbein.Ulstein@ulmatec.no>

**Emne:** Forhandling om grunnnerverv

Eg viser til dagens telefonsamtale.


Herøy kommune leiter etter ei tomt for ny hovudbrannstasjon og ynskjer eit møte med Baro Industrieiendom AS for å presentere prosjektet og korleis Baro stiller seg til eit eventuelt kjøp av gnr. 23 bnr. 39 til dette formål.

Kommunestyret har gitt oss i oppdrag å gå i forhandlingar med grunneigarane av fleire alternative tomter, så eg presiserer at vi er i ein kartleggings- og forhandlingsituasjon.

Helsing

**Robert Myklebust**  
Eigedomsleiar  
Eigedom


Tlf. 70081300 Mob. 99095251




[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)




# Områder innen 4 minutters kjøretid fra alternativ A



# Områder innen 4 minutters kjøretid fra alternativ B





# Områder innen 4 minutters kjøretid fra alternativ D





# Områder innen 4 minutters kjøretid fra alternativ C





Teikningsnr.: A10-1  
 Revisjon nr.:

Type teikning: Kartskisse

OPPTEIKNING AV EKSISTERANDE BYGNING ER GJORT PÅ GRUNNLAG AV UTLIVERTE TEIKNINGAR AV EKSISTERANDE BYGG. (MOTTEKE FRÅ HERØY KOMMUNE OG SPENNCON AS). ENKEL OPPTEIKNING, VISER TIL ORIGINALTEIKNINGAR FOR MEIR INFORMASJON. CA-MÅL, CA-TAKVINKEL, CA-AREAL M.M. ER VIST. DET MÅ GJERAST KONTROLLMÅLINGAR PÅ STADEN!

BYGG ER VIST PÅ KARTGRUNNLAG FRÅ KOMMUNEN (EKS. HØGDEDATA). CA-PLASSERING MM ER VIST, DET MÅ GJERAST KONTROLLMÅLINGAR PÅ STADEN. DET ER VIST CA-LINJE FOR GRENSE SØPPELFYLLING. SAMT CA-LINJE FOR REGULERT VEG PÅ KART. INFO OM DETTE ER HENTA FRÅ PDF AV KART MOTTEKE I MØTE 13 03 2017.

PROSJEKTET MÅ DETALJERAST/PROSJEKTERAST VIDARE AV ARKITEKT. DET MÅ OGSÅ GJERAST BYGGETEKNISK PROSJEKTERING AV PROSJEKTET - SAMT VURDERING/PROSJEKTERING I HØVE REGULERING, BRANN, LYD/STØY, ENERGI, VVS, ELEKTRO M.M., DET KAN BLI ENDRINGAR SOM FØLGJE AV DETTE. DET ER VIST FØREBELS DIMENSJON PÅ VEGGAR, KONSTRUKSJONAR M.M. UTVENDIG DRENERING, ISOLASJON M.M. ER IKKJE VIST.


VEDK. VINDU/DØRER: KRAV I HØVE BARNESIKRING, RØMNING, DAGSLYS M.M. MÅ STETTAST. VISER MA. TIL TEK §12-20. VINDU M.M. MED LAV BRYSTNINGSHØGD MÅ SIKRAST. REKKVERK, DØRER, VINDU M.M. (INNVEDIG OG UTVENDIG BRUK AV GLAS) MÅ VERE SIKKERHETSGLAS I HHT. KRAV (TEK M.M.). OPNINGSVINDU MM: KUN ILLUSTRASJON, OMFANG MÅ VURDERAST.

FOR TEKNISKE LØYSINGAR VERT DET VIST TIL NBI M.M. KRAV I HØVE UNIVERSELL UTFORMING MM MÅ STETTAST!

NBI ENTREPRENØR SKAL KONTROLLERE/SAMANHALDE DENNE TEIKNINGA MED TEIKNINGAR/INFO FRÅ RIB, VVS- OG ELEKTROKONSULENT/LEVERANDØR, BRANNTEKNISK KONSULENT M.M.

OBS! DET KAN BLI JUSTERING/ENDRING SOM FØLGJE AV BRANNTEKNISK VURDERING!

- BRANNSTASJON/UTESEKSJONEN
- GANGAREAL
- ▶ HOVDINNGANG
- ▶ PERSONAL-/UTRYKNINGSINNGANG



© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke

Rev	Dato	Beskrivelse	Sign	Kontroll

**AG Plan og Arkitektur AS**  
 RÅDGJEVANDE ARKITEKT OG INGENIØR  
 Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta  
 TLF : 70 06 16 00  
 E-post : firmapost@agplan.no  
 www.agplan.no

Fase: FØREBELS SKISSE

Tittel: <b>Herøy Brannstasjon</b>		Godkjend:
Oppdragsgjevar: Herøy Kommune Egedomsavdelinga Rådhusgata 5 6090 Fosnavåg		Kontroll prosjekt
Projektnr.: 2282	Teikningsnr.: A10-1	Sign.: AKA/TMB
Type teikning: Kartskisse		Kontroll: AKA
		Filnamn: 2282-ombygging eksisterande 23 03 2018.pln
		Dato: 23.03.2018
		Målestokk: 1:500
		Gnr./Bnr.: 38/141 m.fl.
		Projektnr. for prosjekterande/lev

FØREBELS SKISSE PR 23 03 2018. KAN VERTE ENDRINGAR I SAMBAND MED VIDARE ARBEID MED PROSJEKTET, INKL. ARBEID MED FASADER M.M. KAN OGSÅ VERTE ENDRINGAR SOM FØLGJE AV VURDERING AV BRANNTEKNISK KONSULENT. VINDU/DØRER M.M.: FØREBELS. DET MÅ GJERAST VURDERINGAR I HØVE REGULERING, TILKOMST/VEG, PARKERING, SØPPELFYLLING M.M.

OPPTEIKNING AV EKSISTERANDE BYGNING ER GJORT PÅ GRUNNLAG AV UTLIVERTE TEIKNINGAR AV EKSISTERANDE BYGG. (MOTTEKE FRÅ HERØY KOMMUNE OG SPENNCON AS). ENKEL OPPTEIKNING, VISER TIL ORIGINALTEIKNINGAR FOR MEIR INFORMASJON. CA-MÅL, CA-TAKVINKEL, CA-AREAL M.M. ER VIST. DET MÅ GJERAST KONTROLLMÅLINGAR PÅ STADEN!

BYGG ER VIST PÅ KARTGRUNNLAG FRÅ KOMMUNEN (EKS. HØGDEDATA). CA-PLASSERING MM ER VIST, DET MÅ GJERAST KONTROLLMÅLINGAR PÅ STADEN. DET ER VIST CA-LINJE FOR GRENSE SØPPELFYLLING. SAMT CA-LINJE FOR REGULERT VEG PÅ KART. INFO OM DETTE ER HENTA FRÅ PDF AV KART MOTTEKE I MØTE 13 03 2017.

PROSJEKTET MÅ DETALJERAST/PROSJEKTERAST VIDARE AV ARKITEKT. DET MÅ OGSÅ GJERAST BYGGETEKNISSK PROSJEKTERING AV PROSJEKTET - SAMT VURDERING/PROSJEKTERING I HØVE REGULERING, BRANN, LYD/STØY, ENERGI, VVS, ELEKTRO M.M., DET KAN BLI ENDRINGAR SOM FØLGJE AV DETTE. DET ER VIST FØREBELS DIMENSJON PÅ VEGGAR, KONSTRUKSJONAR M.M. UTVENDIG DRENERING, ISOLASJON M.M. ER IKKJE VIST.

VEDK. VINDU/DØRER: KRAV I HØVE BARNESIKRING, RØMNING, DAGSLYS M.M. MÅ STETTAST. VISER MÅ. TIL TEK §12-20. VINDU M.M. MED LAV BRYSTNINGSHØGD MÅ SIKRAST. REKKVERK, DØRER, VINDU M.M. (INNVEDIG OG UTVENDIG BRUK AV GLAS) MÅ VERE SIKKERHETSGLAS I HHT. KRAV (TEK M.M.). OPNINGSVINDU MM: KUN ILLUSTRASJON, OMFANG MÅ VURDERAST.

FOR TEKNISKE LØYSINGAR VERT DET VIST TIL NBI M.M. KRAV I HØVE UNIVERSELL UTFORMING MM MÅ STETTAST!

NBI ENTREPRENØR SKAL KONTROLLERE/SAMANHALDE DENNE TEIKNINGA MED TEIKNINGAR/INFO FRÅ RIB, VVS- OG ELEKTROKONSULENT/LEVERANDØR, BRANNTEKNISK KONSULENT M.M.

OBS! DET KAN BLI JUSTERING/ENDRING SOM FØLGJE AV BRANNTEKNISK VURDERING!

© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke


Rev	Dato	Beskrivelse	Sign	Kontroll




**AG Plan og Arkitektur AS**  
 RÅDGJEVANDE ARKITEKT OG INGENIØR  
 Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta  
 TLF : 70 06 16 00  
 E-post : firmapost@agplan.no  
 www.agplan.no

Fase: FØREBELS SKISSE

<b>Tittel:</b>  <b>Herøy Brannstasjon</b>	<b>Godkjend:</b>	
	<b>Kontroll prosjekt</b> Sign.: AKA/TMB	<b>Kontroll:</b> AKA
<b>Oppdragsgjevar:</b> Herøy Kommune Eigedomsavdelinga Rådhusgata 5 6090 Fosnavåg	<b>Filnamn:</b> 2282-ombygging eksisterande 23 03 2018.pln	<b>Dato:</b> 23.03.2018
	<b>Målestokk:</b> 1:200	<b>Gnr./Bnr.:</b> 38/141 m.fl.
<b>Prosjektnr.:</b> 2282	<b>Teikningsnr.:</b> A20-1	<b>Prosjektnr. for prosjekterande/lev</b>
<b>Type teikning:</b> Plan 1. Etasje		



**FØREBELS SKISSE PR 23 03 2018.**  
 KAN VERTE ENDRINGAR I SAMBAND MED VIDARE ARBEID MED PROSJEKTET, INKL. ARBEID MED FASADER M.M. KAN OGSÅ VERTE ENDRINGAR SOM FØLGJE AV VURDERING AV BRANNTEKNISK KONSULENT.  
 VINDU/DØRER M.M.: FØREBELS.  
 DET MÅ GJERAST VURDERINGAR I HØVE REGULERING, TILKOMST/VEG, PARKERING, SØPPELFYLLING M.M.



**FØREBELS SKISSE PR 23 03 2018.**  
**KAN VERTE ENDRINGAR I SAMBAND MED VIDARE ARBEID MED PROSJEKTET, INKL. ARBEID MED FASADER M.M. KAN OGSÅ VERTE ENDRINGAR SOM FØLGJE AV VURDERING AV BRANNTEKNISK KONSULENT.**  
**VINDU/DØRER M.M.: FØREBELS.**  
**DET MÅ GJERAST VURDERINGAR I HØVE REGULERING, TILKOMST/VEG, PARKERING, SØPPELFYLLING M.M.**

Teikningsnr.: **A20-2** Revisjon nr.:

Type teikning: **Plan 2. Etasje**

OPPTEIKNING AV EKSISTERANDE BYGNING ER GJORT PÅ GRUNNLAG AV UTLIVERTE TEIKNINGAR AV EKSISTERANDE BYGG. (MOTTEKE FRÅ HERØY KOMMUNE OG SPENNCON AS). ENKEL OPPTEIKNING, VISER TIL ORIGINALTEIKNINGAR FOR MEIR INFORMASJON. CA-MÅL, CA-TAKVINKEL, CA-AREAL M.M. ER VIST. DET MÅ GJERAST KONTROLLMÅLINGAR PÅ STADEN!

BYGG ER VIST PÅ KARTGRUNNLAG FRÅ KOMMUNEN (EKS. HØGDEDATA). CA-PLASSERING MM ER VIST, DET MÅ GJERAST KONTROLLMÅLINGAR PÅ STADEN.  
 DET ER VIST CA-LINJE FOR GRENSE SØPPELFYLLING. SAMT CA-LINJE FOR REGULERT VEG PÅ KART. INFO OM DETTE ER HENTA FRÅ PDF AV KART MOTTEKE I MØTE 13 03 2017.

PROSJEKTET MÅ DETALJERAST/PROSJEKTERAST VIDARE AV ARKITEKT. DET MÅ OGSÅ GJERAST BYGGETEKNISSK PROSJEKTERING AV PROSJEKTET - SAMT VURDERING/PROSJEKTERING I HØVE REGULERING, BRANN, LYD/STØY, ENERGI, VVS, ELEKTRO M.M., DET KAN BLI ENDRINGAR SOM FØLGJE AV DETTE. DET ER VIST FØREBELS DIMENSJON PÅ VEGGAR, KONSTRUKSJONAR M.M. UTVENDIG DRENERING, ISOLASJON M.M. ER IKKJE VIST.

VEDK. VINDU/DØRER: KRAV I HØVE BARNESIKRING, RØMNING, DAGSLYS M.M. MÅ STETTAST. VISER MA. TIL TEK §12-20. VINDU M.M. MED LAV BRYSTNINGSHØGD MÅ SIKRAST.  
 REKKVERK, DØRER, VINDU M.M. (INNVEDIG OG UTVENDIG BRUK AV GLAS) MÅ VERE SIKKERHETSGLAS I HHT. KRAV (TEK M.M.). OPNINGSVINDU MM: KUN ILLUSTRASJON, OMFANG MÅ VURDERAST.

FOR TEKNISKE LØYSINGAR VERT DET VIST TIL NBI M.M. KRAV I HØVE UNIVERSELL UTFORMING MM MÅ STETTAST!

NBI ENTREPRENØR SKAL KONTROLLERE/SAMANHALDE DENNE TEIKNINGA MED TEIKNINGAR/INFO FRÅ RIB, VVS- OG ELEKTROKONSULENT/LEVERANDØR, BRANNTEKNISK KONSULENT M.M.

OBS! DET KAN BLI JUSTERING/ENDRING SOM FØLGJE AV BRANNTEKNISK VURDERING!


© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke

Rev	Dato	Beskrivelse	Sign	Kontroll

**AG** PLAN OG ARKITEKTUR AS  
 RÅDGJEVANDE ARKITEKT OG INGENIØR  
 Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta  
 TLF : 70 06 16 00  
 E-post : firmapost@agplan.no  
 www.agplan.no

Fase: **FØREBELS SKISSE**

Tittel: <b>Herøy Brannstasjon</b>		Godkjend:
Oppdragsgjevar: Herøy Kommune Eigeomsavdelinga Rådhusgata 5 6090 Fosnavåg		Kontroll prosjekt
Projektnr.: <b>2282</b>	Teikningsnr.: <b>A20-2</b>	Sign.: AKA/TMB
Type teikning: <b>Plan 2. Etasje</b>		Kontroll: AKA
		Filnamn: 2282-ombygging eksisterande 23 03 2018.pln
		Dato: 23.03.2018
		Målestokk: 1:200
		Gnr./Bnr.: 38/141 m.fl.
		Projektnr. for prosjekterande/lev



**FØREBELS SKISSE PR 23.03.2018.**  
**KAN VERTE ENDRINGAR I SAMBAND MED VIDARE ARBEID MED PROSJEKTET, INKL. ARBEID MED FASADER M.M. KAN OGSÅ VERTE ENDRINGAR SOM FØLGJE AV VURDERING AV BRANNTTEKNISK KONSULENT.**  
**VINDU/DØRER M.M.: FØREBELS.**  
**DET MÅ GJERAST VURDERINGAR I HØVE REGULERING, TILKOMST/VEG, PARKERING, SØPPELFYLLING M.M.**

**Teikningsnr.:**  
A30-1

**Revisjon nr.:**

**Type teikning:**  
Snitt A-A

OPPTEIKNING AV EKSISTERANDE BYGNING ER GJORT PÅ GRUNNLAG AV UTLIVERTE TEIKNINGAR AV EKSISTERANDE BYGG. (MOTTEKE FRÅ HERØY KOMMUNE OG SPENNCON AS). ENKEL OPPTEIKNING, VISER TIL ORIGINALTEIKNINGAR FOR MEIR INFORMASJON. CA-MÅL, CA-TAKVINKEL, CA-AREAL M.M. ER VIST. DET MÅ GJERAST KONTROLLMÅLINGAR PÅ STADEN!

BYGG ER VIST PÅ KARTGRUNNLAG FRÅ KOMMUNEN (EKS. HØGDEDATA). CA-PLASSERING MM ER VIST, DET MÅ GJERAST KONTROLLMÅLINGAR PÅ STADEN.  
 DET ER VIST CA-LINJE FOR GRENSE SØPPELFYLLING. SAMT CA-LINJE FOR REGULERT VEG PÅ KART. INFO OM DETTE ER HENTA FRÅ PDF AV KART MOTTEKE I MØTE 13.03.2017.

PROSJEKTET MÅ DETALJERAST/PROSJEKTERAST VIDARE AV ARKITEKT. DET MÅ OGSÅ GJERAST BYGGETEKNISSK PROSJEKTERING AV PROSJEKTET - SAMT VURDERING/PROSJEKTERING I HØVE REGULERING, BRANN, LYD/STØY, ENERGI, VVS, ELEKTRO M.M., DET KAN BLI ENDRINGAR SOM FØLGJE AV DETTE. DET ER VIST FØREBELS DIMENSJON PÅ VEGGAR, KONSTRUKSJONAR M.M. UTVENDIG DRENERING, ISOLASJON M.M. ER IKKJE VIST.

VEDK. VINDU/DØRER: KRAV I HØVE BARNESIKRING, RØMNING, DAGSLYS M.M. MÅ STETTAST. VISER MA. TIL TEK §12-20. VINDU M.M. MED LAV BRYSTNINGSHØGD MÅ SIKRAST.  
 REKKVERK, DØRER, VINDU M.M. (INNVENDIG OG UTVENDIG BRUK AV GLAS) MÅ VERE SIKKERHETSGLAS I HHT. KRAV (TEK M.M.). OPNINGSVINDU MM: KUN ILLUSTRASJON, OMFANG MÅ VURDERAST.

FOR TEKNISKE LØYSINGAR VERT DET VIST TIL NB! M.M. KRAV I HØVE UNIVERSELL UTFORMING MM MÅ STETTAST!

NB! ENTREPRENØR SKAL KONTROLLERE/SAMANHALDE DENNE TEIKNINGA MED TEIKNINGAR/INFO FRÅ RIB, VVS- OG ELEKTROKONSULENT/LEVERANDØR, BRANNTTEKNISK KONSULENT M.M.

OBS! DET KAN BLI JUSTERING/ENDRING SOM FØLGJE AV BRANNTTEKNISK VURDERING!

© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke

Rev	Dato	Beskrivelse	Sign	Kontroll

**AG Plan og Arkitektur AS**  
 RÅDGJEVANDE ARKITEKT OG INGENIØR  
 Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta  
 TLF : 70 06 16 00  
 E-post : firmapost@agplan.no  
 www.agplan.no

**Fase:**  
FØREBELS SKISSE

<b>Tittel:</b> <h1>Herøy Brannstasjon</h1>		<b>Godkjend:</b>	
		<b>Kontroll prosjekt</b>	
		Sign.: AKA/TMB	Kontroll: AKA
Oppdragsgjevar: Herøy Kommune Eigedomsavdelinga Rådhusgata 5 6090 Fosnavåg		<b>Filnamn:</b> 2282-ombygging eksisterande 23.03.2018.pln	
		<b>Dato:</b> 23.03.2018	
		<b>Målestokk:</b> 1:200	
		<b>Gnr./Bnr.:</b> 38/141 m.fl.	
<b>Prosjektnr.:</b> 2282	<b>Teikningsnr.:</b> A30-1	<b>Prosjektnr. for prosjekterande/lev</b>	
<b>Type teikning:</b> Snitt A-A			



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2018/305
		Arkiv:	611

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
66/18	Formannskapet Kommunestyret	10.04.2018

### GNR 34 BNR 7 - GRUNNERVERV PARKERINGSPLASS

#### Tilråding:

Herøy kommunestyre kjøper areal til parkeringsplass frå gnr 34 bnr 7 som vist på kart dagsett 21.03.2018.

Kjøpesum for arealet er rund sum 700 000kr.

Det vert gjort slike budsjettendringar:

Konto 02800 (grunnkjøp mm), ansvar 5011, funksjon 303, prosjekt 50153  
kr 700 000,-

Konto 09100 (bruk av lån), ansvar 9011, funksjon 870, prosjekt 90998 (frie finansieringsmidlar) – kr 700 000,- (Kjøpet vert belasta prosjekt «strategisk grunnkjøp» som tidlegare er lånefinansiert)

Særutskrift:  
Nils P Nilsen  
Økonomi, her

## Vedlegg:

Vedlegg


- 1 5181154 Verditakst tomt
- 2 5181154 kart
- 3 5181154 grunnbok

## Samandrag av saka:

I samband med privat utbygging i Djupedalen med masseoverskot har ein i dialog med kommunen reist spørsmålet om å legge masser på regulert område for parkering. Kommunen eig ikkje arealet i dag, men har teke kontakt med grunneigar om det er mogleg å inngå ein kjøpsavtale på arealet. Etter forhandlingar ligg no avtalen klar for handsaming. Arealet vert vurdert som strategisk viktig for kommunen.

## Saksopplysningar:

Omsøkt areal som kommunen ønskjer å erverve er lokalisert i parken i Fosnavåg



Området er taksert av uavhengig takstmann Idar Warholm, Norconsult. Takstrapporten viser til eigedomen sin storleik på 2727m<sup>2</sup>.

### Utdrag frå takstrapporten:

*Verdivurdering er bygget på den kjennskap takstmannen har til omsetning av eiendommer i området. Eiendommen er besiktiget ved en enkel visuell gjennomgang. Det er ikke foretatt spesielle undersøkelser med hensyn til skjulte feil eller mangler på tomten.*

*Markedverdi er en beregnet verdi for tomten slik den fremstår på befaringstidspunktet vurdert opp mot tilkomst, beliggenhet og formål.*

*Normal tomtekostnad fremkommer ved å beregne teknisk verdi for råtomt, samt at området er regulert til parkeringsareal.*

*Det er ikke tatt hensyn til at grunnareal kan ha festeavtaler, da avtaletidspunkt samt avtalt festetid indikerer at festetid er utgått, men det må kontrolleres hos grunneier.*

Med omsyn til festeavtaler har grunneigar i epost 09.03.2018 bekrefta følgjande: *...ikkje er nokon aktive festeavtaler i sving, som han kjenner til. Det blir også nemnt i rapporten at dei som er lista opp, mest sannsynleg «berre har historisk verdi». Han veit heller ikkje om andre, som ikkje er nemnt i rapporten.*

### **Vurdering og konklusjon:**

Takstmann har lagt fram ein markedsverdi på 550 000 kr for omsøkt areal. Dette tilsvarer ein m2 pris på om lag 202 kroner. I tillegg kjem sakshandsaming, oppmåling og andre overføringskostnadar som kjøpar(kommunen) må dekkje.

I korrespondanse og forhandlingar har ein kome fram til ein omforeint pris på 700 000 kr for arealet. Dette gir ein m2 pris på om lag 256 kr pr.m2.

Pristilbodet frå kommunen er basert på andre omsetningar i Fosnavåg sentrum av areal som ein meiner er relevante i denne sammenheng.

Området vert vurdert som strategisk viktig å erverve.

Fosnavåg, 03.04.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann


Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



# Grunnareal i Djupedalen

Matrikkel: **Gnr 34: Bnr 7**  
 Kommune: **1515 HERØY (M.R.) KOMMUNE**  
 Betegnelse: **GRUNNAREAL**  
 Adresse: **Djupedalen, 6090 FOSNAVÅG**



Dato befaring: 20.02.2018  
 Utskriftsdato: 28.02.2018  
 Oppdrag nr: 5181154

**Utført av autorisert medlemsforetak i NTF**

Norconsult AS  
 Retirovegen 4, 6019 ÅLESUND  
 Telefon: 70 17 05 00

**Sertifisert takstmann:**

Idar Warholm  
 Telefon: 917 71 088  
 E-post: idar.warholm@norconsult.com  
 Rolle: Uavhengig takstmann



NORGES  
 TAKSERINGS  
 FORBUND



## Forutsetninger

Dokumentet er bygget opp på basis av NTFs instruksjer og regelverk. Dokumentets innhold er skrevet i fritekst og alle kvalitets- og kontrollfunksjoner er ivaretatt gjennom takstmannens egne rutiner.

## Egne forutsetninger

Verdivurdering er bygget på den kjennskap takstmannen har til omsetning av eiendommer i området. Eiendommen er besiktiget ved en enkel visuell gjennomgang. Det er ikke foretatt spesielle undersøkelser med hensyn til skjulte feil eller mangler på tomten.

## Rapportdata

<b>Kunde:</b>	Herøy kommune
<b>Takstmann:</b>	Idar Warholm
<b>Befaring/tilstede:</b>	Befaringsdato: 20.02.2018. - Idar Warholm. Takstmann MNTF. Tlf. 917 71 088

## Eiendomsopplysninger

Eiend.betegnelse:	GRUNNAREAL
-------------------	------------

## Matrikkeldata

Matrikkel:	Kommune: 1515 HERØY (M.R.) Gnr: 34 Bnr: 7
Eiet/festet:	Eiet
Areal:	2 727 m <sup>2</sup> Arealkilde: Areal er hentet fra Ambita Infoland eiendomsdata
Hjemmelshaver:	Nils P. Nilsen
Adresse:	Myrabakken, 6076 Moltustranda
Kommentar:	Gnr. 34 Bnr. 7 har flere teiger tilknyttet samme Bnr. Grunnarealet har festeavtaler tilknyttet dette arealet som består av feste nr. 1,2,3,5,6,8,9 og 10. Jfr. grunnbok Feste nr 1.Bedehuset. 2.Ingeborg Kvalsvik. 3.Andrea Pedersen (død). 5.Kåre, Knut og Kolbjørn Johannessen. 6.Eilert R. Notø. 8.Evelyn Nykrem, Harald, Ole, Synnøve og Sverre Bendal, 9.Sara Skåtun. 10.Nilmar Jarl Johannesen. Opplysninger fra grunnbok. Festeavtaler ble inngått mellom 1891 og 1917. To av festeavtalene har festetid på 60 år. Informasjon om evt. forlenget festetid må sjekkes med grunneier da informasjon om det ikke fremgår av grunnbok.

## Kilder/vedlegg

Dokument/kilde	Dato	Kommentar	Status	Sider	Vedlagt
Reguleringsplaner	04.01.2018		Fremvist		
Situasjonskart	13.02.2018		Innhentet		Ja
Grunnbokutskrift	26.02.2018		Innhentet		Ja
Infoland.no	16.02.2018		Innhentet		

## Eiendomsdata

Sentralt grunnareal som er regulert til parkeringsområde. Arealet ligger dels skrånende, dels flatt terreng sentralt i Fosnavåg.

## Beregning

Markedsverdi	Markedsverdi er en beregnet verdi for tomten slik den fremstår på befaringstidspunktet vurdert opp mot tilkomst, beliggenhet og formål. Normal tomtekostnad fremkommer ved å beregne teknisk verdi for råtomt, samt at området er regulert til parkeringsareal. Det er ikke tatt hensyn til at grunnareal kan ha festeavtaler, da avtaletidspunkt samt avtalt festetid indikerer at festetid er utgått, men det må kontrolleres hos grunneier.	550 000
--------------	--	---------

Matrikkel: Gnr 34: Bnr 7  
Kommune: 1515 HERØY (M.R.) KOMMUNE  
Adresse: Djupedalen, 6090 FOSNAVAG

Norconsult AS  
Retirovegen 4, 6019 ÅLESUND  
Telefon: 70 17 05 00



ÅLESUND, 28.02.2018

Idar Warholm  
MNTF Takstmann  
Telefon: 70 17 05 00

## Andre bilder

### Andre bilder for oppdraget






# Djupedalen 34/7

Dato: 21.02.2018

Målestokk: 1:1000

Koordinatsystem: UTM 32N





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2015/1770
		Arkiv:	P11

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
67/18	Formannskapet	10.04.2018
	Kommunestyret	19.04.2018

### INTERKOMMUNAL KYSTSONEPLAN FOR YSS - UTLEGGING AV PLANPROGRAM TIL OFFENTLEG ETTERSYN

#### Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek med heimel i PBL §11-13 å legge planprogram for interkommunal kystsonesplan for kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven ut til offentlig ettersyn i minst 6 veker.

Særutskrift:

Kommunane Hareid, Ulstein, Sande og Vanylven  
MR fylke

## **Vedlegg:**

Vedlegg

1 Planprogram

### **Samandrag av saka:**

Søre Sunnmøre skal vere ein attraktiv stad å drive marin næringsutvikling og felles interkommunal marin næringssatsing skal bidra til å sikre nettopp dette. Fem kommunar har gått saman for å danne eit fundament og grunnlag for at våre nære kystområder vert vurdert som attraktive å etablere seg i. Koordinering, bruk, forvaltning og forskning i desse ”felles” områda står sentralt i det vidare arbeidet mot ein felles interkommunal kystsoneplan. Eit felles planprogram for kommunane er no klart for å legge ut til offentleg ettersyn.

### **Saksopplysningar:**

Herøy kommunestyre vedtok den 06.04.2017 å starte opp interkommunalt plansamarbeid for etablering av felles kystsoneplan for kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven kommune.

Organisering av planarbeidet er med felles styre der kommunane har to representantar kvar. Styret har delegert mynde til å gjennomføre planarbeidet i tråd med plan- og bygningslova sine reglar, herunder utarbeiding av planprogram, stadfesting av planprogram, opplegg for konsekvensutgreiing og medverknad, vedta og opprette utval eller innhente konsulentbistand og vedta korleis kommunikasjonen mellom *Styret* og kommunestyra skal vere.

Kommunestyret beheld mynde til å vedta oppstart jf. pbl § 11-12, vedta høyring av planforslag jf. pbl § 11-14 og vedtak av plan jf. pbl § 11-15

Arealplan i sjø er ein overordna plan med nasjonale og regionale føringar der kommunestyra er planmyndigheit og bestemmer ”kvar dei vil og kvar dei ikkje vil”. Kommunene sine vedtak kan ikkje vere i strid med nasjonale og/eller vesentlege regionale interesser. Det er viktig å skilje mellom overordna plan og saksbehandling. Når kommune har sett av areal til akvakultur, betyr det at det er tillate å søke om etablering av akvakultur. Deretter skal seks statlege fagmyndigheiter saksbehandle innhaldet i arealet etter akvakulturlova.

Planen skal

- sikre marin næringssatsing og vere grunnlag for at området blir vurdert som attraktivt å etablere seg i
- koordinere bruk, forvaltning og forskning i sjøområda
- rullere/revidere kystareala basert på gjeldande og vedtekne planar i den enkelte kommune
- spegle ønska arealpolitikk, lokalt, regionalt og nasjonalt
- avdekke og avklare interessekonflikter
- sikre viktige område for næringsutnytting, ferdsel, friluftsliv, vern av natur og kulturminner
- vere dynamisk og fleksibel i samband med framtidige behov

Interkommunal kystzoneplan for Møre Pilot omfattar kommunegrensene til kommunene; Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven. Planområdet er avgrensa mot land etter ny kystkontur frå "grøn laser" og ut til grunnlinja, som er 1nm utanfor ytterste øyer og skjær. Detaljregulerte område (reguleringsplan) vil i utgangspunktet ikkje vere ein del av planprosessen og skal "kvitast ut" i plankartet.



Som vedlegg til saka finn ein planprogrammet som vert lagt ut til offentlig ettersyn. Planprogrammet gir svar på formelle tilhøve med planen, planprosess, beskriving av planområdet, vurderingar kring behovet for nye utgreiingar og risiko og sårbarheit.

### **Vurdering og konklusjon:**

Ressursane i kystsona får stadig større betydning for næringsliv og verdiskaping. Søre Sunnmøre har lange og sterke tradisjonar for bruk av sjøareal til fiskeri, ferdsel og havbruk. Det er stadig større fokus på biologisk mangfald og friluftsliv, og det skal vere god sameksistens mellom fiskeri- og havbruk og andre brukarar av sjøareala.

Det er viktig å planlegge heilskapleg og kunnskapsbasert i større område, då ein kommune sitt vedtak i sjø kan påverke nabokommunene. Ein felles planprosess vil også lette arbeidsmengda i den enkelte kommune, og gje eit felles forvaltningsgrunnlag i planområdet.

Ein interkommunal plan for sjøareala i Møre Pilot har ein horisont 2020-2025. Arbeidet skal resultere i felles plankart med avgjerdsler, samt planbeskriving for arealbruk. Det skal også gjennomførast konsekvensutgreiing i eige dokument.

Kommunene i Møre Pilot ønsker å vere attraktive område for etablering av marine næringar, og det skal vere god sameksistens mellom fiskeri- og havbruk og andre brukarar av sjøareala. Rådmannen meiner at planprogrammet er godt utarbeidd og



rår Herøy kommunestyre til å legge planprogrammet ut til offentlig ettersyn i minst 6 veker.

Fosnavåg, 03.04.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

# INTERKOMMUNAL KYSTSONEPLAN FOR KOMMUNENE I MØRE PILOT



## (FORSLAG TIL) PLANPROGRAM

2. mars 2018

Hareid kommune, Herøy kommune, Sande kommune,  
Ulstein kommune og Vanylven kommune

PROSJEKTBEKRIVING	
Plannavn	INTERKOMMUNAL AREALPLAN I SJØ FOR MØRE PILOT KOMMUNENE
Arkivsak ID	
Plan ID	
Formål/Hensikt	Å sikre berekraftig vekst, verdiskaping og forvaltning av sjørelaterte næringar på Søre Sunnmøre
Planavgrensing	Planlegge sjøareal frå kystkontur ut til grunnlinja i kommunene Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven
Samandrag	
Framdriftsplan	Fastsetting av planprogram i mars 2018 Utarbeide planforslag i 2018 og våren 2019 Høyring av planforslag i desember 2019 Eigengodkjenning av plan 2020
Organisering	<p>Arbeidet er organisert som eit prosjekt i 2018 og 2019, med prosjektleiar i 50% stilling. Herøy kommune har arbeidsgjevaransvar, og kontorstad er Runde Miljøsentar.</p> <p>Styret (to repr. frå kvar kommune) har fått delegert myndigheit til å gjennomføre planarbeidet, utarbeide planprogram, lage opplegg for konsekvensutgreiing og for medverknad, vedta og opprette utvalg og vedta korleis kommunikasjonen mellom styret og kommunestyra skal vere.</p> <p>Kommunestyra i dei enkelte kommunene skal vedta planprogram jf. § 4-1, oppstart jf. § 11-12, høyring av planforslag jf. § 11-12 og plan jf. pbl § 11-12.</p>

## INNHALDSLISTE (Husk å oppdatere! Høgreklikk → oppdatér felt)

1	Innleiing .....	4
1.1	Mandat .....	4
1.2	Formål med planarbeidet .....	4
1.3	Premissar for planarbeidet .....	4
1.4	Planavgrensing .....	5
1.5	Lovgrunnlaget.....	6
2	Planprosess.....	7
2.1	Organisering .....	7
2.2	Framdrift .....	8
2.3	Medverknad .....	9
2.4	Konsekvensutgreiingar.....	9
3	Beskriving av planområdet.....	11
3.1	Marine landskap og straumforhold .....	12
3.2	Arealbruk.....	12
4	Er det behov for nye utgreiingar? .....	12
4.1	Biologisk mangfald .....	12
4.2	Fiskeri .....	12
4.3	Havbruk.....	12
4.4	Kulturminner og kulturlandskap .....	13
4.5	Fareområder .....	13
4.6	Forureinig og støy .....	13
4.7	“Visual impact” og estetikk .....	13
4.8	Samferdsel og infrastruktur .....	13
4.9	Friluftsliv og reiseliv .....	14
5	Risiko og sårbarheit .....	14

## 1 Innleiing

Ressursane i kystsona får stadig større betydning for næringsliv og verdiskaping. Søre Sunnmøre har lange og sterke tradisjonar for bruk av sjøareal til fiskeri, ferdsel og havbruk. Det er stadig større fokus på biologisk mangfald og friluftsliv, og det skal vere god sameksistens mellom fiskeri- og havbruk og andre brukarar av sjøareala.

Arealplan i sjø er ein overordna plan med nasjonale og regionale føringar der kommunestyra er planmyndigheit og bestemmer "kvar dei vil og kvar dei ikkje vil". Kommunene sine vedtak kan ikkje vere i strid med nasjonale og/eller vesentlege regionale interesser. Det er viktig å skilje mellom overordna plan og saksbehandling. Når kommune har sett av areal til akvakultur, betyr det at det er tillate å søke om etablering av akvakultur. Deretter skal seks statlege fagmyndigheiter saksbehandle innhaldet i arealet etter akvakulturlova.

Planen skal

- sikre marin næringssetjing og vere grunnlag for at området blir vurdert som attraktivt å etablere seg i
- koordinere bruk, forvaltning og forskning i sjøområda
- rullere/revidere kystareala basert på gjeldande og vedtekne planar i den enkelte kommune
- spegle ønska arealpolitikk, lokalt, regionalt og nasjonalt
- avdekke og avklare interessekonflikter
- sikre viktige område for næringsutnytting, ferdsel, friluftsliv, vern av natur og kulturminner
- vere dynamisk og fleksibel i samband med framtidige behov

Det er viktig å planlegge heilskapleg og kunnskapsbasert i større område, då ein kommune sitt vedtak i sjø kan påverke nabokommunene. Ein felles planprosess vil også lette arbeidsmengda i den enkelte kommune, og gje eit felles forvaltningsgrunnlag i planområdet.

Planprogrammet skal gje ei oversikt over innhald i planen, planprosess, behov for utgreiing i form av konsekvensutgreiing, organisering av arbeidet, framdrift og opplegg for medverknad.

### 1.1 Mandat

Samtlege kommunestyre har vedteke å delta i Interkommunal kystzoneplan for Møre Pilot i 2017.

### 1.2 Formål med planarbeidet

Det skal bli utarbeidd ein interkommunal plan for sjøareala i Møre Pilot for perioden 2020-2025. Arbeidet skal resultere i felles plankart med avgjerdsler, samt planbeskriving for arealbruk. Det skal også gjennomførast konsekvensutgreiing i eige dokument.

Kommunene i Møre Pilot ønsker å vere attraktive område for etablering av marine næringar, og det skal vere god sameksistens mellom fiskeri- og havbruk og andre brukarar av sjøareala. Planen skal bli utarbeidd etter § 11 i pbl og bli organisert etter § 9. Ein interkommunal plan er ikkje éin "over-kommunal plan", men ei samanstilling av fleire formelt sjølvstendige kommunale planar.

### 1.3 Premissar for planarbeidet

For gjennomføring av planlegging av sjøområda med planprosess og innhald i planane, gjeld reglane jf. kap. 11 i Plan og bygningsloven (pbl). § 11-7 nr. 6 "*Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone*" skal brukast for å planlegge sjøareal. Arealformålet kan delast inn i underformåla ferdsel, farleder, fiske, akvakultur, naturområde og friluftsområde kvar for seg, eller i kombinasjon med eigne avgjerdsler og eller retningslinjer. I 2017 kom nokon nye underformål.

§ 11-11 nr. 3 syner til at det kan bli gitt føresegn om at arealbruken kan fastsettast særskilt for vassoverflata, vass-søyla og botnen. Det er gjeve heimlar § 11-11 for avgjerdsler til arealformålet. Det kan etter § 11-8 fastsettast omsyns-soner for ulike formål (aktsemd, bandlegging, bevaring naturmiljø, omsynssone friluftsliv, bevaring kulturmiljø med meir) og det kan bli etablert egne område ein bestemmer over.

Planarbeidet er organisert etter kap. 9 i pbl som omhandlar interkommunalt plansamarbeid. Planarbeidet blir leia av eit styre med eit likt tal representantar frå kvar kommune, og styret fastset sjølv reglar for sitt arbeid, og organiserer planarbeidet slik dei finn det tenleg jf. § 9-2 i pbl. Kvar kommune har ansvar for at saksbehandlingsreglane blir følgt innan sitt område. Kwart kommunestyre treff endeleg planvedtak for sitt område jf. § 9-3.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging av 24. juli 2011 legg føringar for arealplanlegging i sjø:

[https://www.regjeringen.no/contentassets/2f826bdf1ef342d5a917699e8432ca11/nasjonale\\_forventningar\\_nn.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/2f826bdf1ef342d5a917699e8432ca11/nasjonale_forventningar_nn.pdf) Dei viktigaste føringane for arealplan i sjø er:

- Fylkeskommunane og kommunane sikrar nok areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystsoneplanlegginga og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Arealbehovet blir sett i eit regionalt perspektiv.
- Fylkeskommunane og kommunane identifiserer viktige verdiar av naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, og tek omsyn til desse i regionale og kommunale planar. Den tilgjengelege kunnskapen blir teken aktivt i bruk, og ein trekker fram og tek omsyn til dei samla verknadene
- Kommunane sikrar at det blir utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalysar for utbyggingsplanar, som gir eit godt kunnskapsgrunnlag for å førebyggje og redusere aktuelle risiko- og sårbarheitsforhold. Ein tek særleg omsyn til naturfarer og eksisterande og framtidige klimaendringar. Kommunene skal som hamnemyndigheit også sikre ferdsel i sjø.

Regjeringa sin strategi for ei konkurransekraftig havbruksnæring (2007) og Gullestadutvalget 4. frå februar 2011 "Effektiv og bærekraftig arealbruk i havbruksnæringa – areal til begjær" forventar at kommunene tilrettelegg for næringsutvikling i sjøareala.


Fylkesplanar og regionale planar legg regionale føringar. Fylkesplan for Møre- og Romsdal 2017- 2020: <https://mrfylke.no/Tenestoomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Fylkesplan/Fylkesplan-2017-2020-vedtak-endeleg-plan> omtalar ikkje marine næringar eller kystsona.

Forvaltningsplan for vassregion Møre og Romsdal 2016- 2021 skal bli tatt omsyn til i arbeidet. <http://www.vannportalen.no/globalassets/vannregioner/more-og-romsdal/more-og-romsdal---dokumenter/plandokumenter/2016/godkjent-forvaltningsplan-2016/regional-plan-for-vassforvaltning-i-vassregion-more-og-romsdal-2016---2021.pdf> Planen har følgande høgt prioriterte tiltak i sjø for Søre Sunnmøre: Miljøgifttiltak i Fosnavågen og Lygnesvika, følgje opp undersøkingar i Grøne korridor og interkommunalt samarbeid om spreidd avløp.

Risiko og sårbarheitsanalyser for fjellskred i Møre og Romsdal skal bli tatt omsyn til i planarbeidet. <https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Samfunnstryggleik%20og%20oberedskap/53.1.%20ROS/Fylkesros%20fjellskred%202011.pdf>

#### 1.4 Planavgrensing

Interkommunal kystsoneplan for Møre Pilot omfattar kommunegrensene til kommunene; Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven. Planområdet er avgrensa mot land etter ny kystkontur frå "grøn laser" og ut til grunnlinja, som er 1nm utanfor ytterste øyer og skjer. Detaljregulerte område (reguleringsplan) vil i utgangspunktet ikkje vere ein del av planprosessen og skal "kvitast ut" i plankartet.



### 1.5 Lovgrunnlaget med dei viktigaste lovene for arealplanlegging i sjø

Lover og forskrifter som regulerer planlegging og ressursutnytting i kystnære sjøområder



Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008

Lov om vassdrag og grunnvann av 24. november 2000

Lov om vern mot forurensing og om avfall av 19. juni 2009

Lov om forvaltning av naturens mangfold (Naturmangfoldloven) 19.juni 2009. I arbeidet skal det gjerast ei vurdering av naturmangfoldlovens prinsipper i §§ 8-12 jf. § 7.

Lov om friluftslivet av 1. oktober 2015

Lov om kulturminner av 10. juni 2005

Lov om forvaltning av viltlevende marine ressurser (havressurslova). 21.09.2012.

Lov om akvakultur (akvakulturloven) 18.12.2008.

innlandsfisk m.v. 14.12.2012.

Lov om

Lov om laksefisk og

Lov om havner og farvann 17.04.2009

Planar og utgreiingar som ligg til grunn for Interkommunal kystsoneplan for Møre Pilot  
Gjeldande arealplanar i sjø for Hareid kommune, Herøy kommune, Sande kommune, Ulstein kommune og Vanylven kommune.

Lokale utgreiingar for området er mellom anna marine grunnkart, marin næringsanalyse og grøn laser. Det blir også utarbeidd modellar i NiN 2.o. for ålegrasenger, taeskog, hardbotn og modellar over bølger, lys, temperatur med meir for området. I tillegg finnast fleire St.meld. med sentrale føringar og rikspolitiske retningslinjer og statlege planretningslinjer.


## 2 Planprosess

### 2.1 Organisering

Kommunene vil ha eit prosjektbasert samarbeid organisert etter pbl. Kap. 9.

Planarbeidet blir leia av eit styre med to representantar (ein politisk og ein administrativ) frå kvar kommune. Styret skal behandle overordna premisser og spørsmål i planprosessen.

Herøy kommune er arbeidsgjevar for prosjektleiar i 50% stilling. Det skal opprettast ei arbeidsgruppe for kart og ei for areal. Fylkeskommunen stiller med ein observatør i rådgjevande rolle. Prosjektleiar og arbeidsgruppene vil stå for det operative arbeidet. Under gjennomføring av planarbeidet vil det bli oppretta referansegrupper etter behov.



Det skal bli utnemnt ein kontaktperson i kvar kommune som er ansvarleg for medverknad i arbeidsgruppe areal. Herøy kommune er ansvarleg for arbeidsgruppe kart.

Planarbeidet skal vere politisk forankra i dei enkelte kommunestyra, som er prosjekteigar. Kvar enkelt kommune treff endeleg planvedtak for si kommune. Etter vedtak er planen juridisk bindande jf. § 11.6. fyrste ledd.



## 2.2 Framdrift


Oppgåver	2018				2019			
	januar	februar	mars	april	1. april med frist 1. okt	mai, juni	september og oktober	
Utarbeide forslag til planprogram/presentasjonar og diskusjonar med regionale myndigheiter								
Møte med planforum 28.02.								
Planprogram på offentlig ettersyn i 6 veker og varsle planoppstart								
Bearbeide høyringsmerknadar								
Fastsette planprogram								
Innspel til tiltak (6 mnd) og møte med ulike aktørar i sjø								
Opne møte i kommunene, referansegrupper og medråderett, Opne møte ved RMS								
-Samanstille eksisterande og ny kunnskap/temakart -Kartlegging og utgreiingar -Analysere interessekonflikter, utgreie og prioritere -Avgjerdsler og retningslinjer -Planbeskriving med KU/ROS -Utarbeide eit planforslag -Plankart								
Høyring og offentlig ettersyn av planforslag Bearbeide høyringsmerknadar							Planforslag klart hausten 2019 for høyring og evt, mekling i 2019?	Des
Vedtak i dei enkelte kommunestyrer og kunnjering av planen								2020

## 2.3 Medverknad

Medverknad blir omtalt i pbl § 5-1, fyrste avsnitt "Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Arealplaner i sjø forholder seg ikke til primært til grunneiere, men til brukergrupper og sektormyndigheter.» Det vil vere fokus på dei i medverknadsprosessane.

Det er ønskeleg med ein brei medverknadsprosess gjennom openheit og tilgjengelegheit i forhold til å sikre mogelegheitene for ein reell og aktiv medverknad frå alle grupper. Den enkelte kommune (kontaktperson) er ansvarleg for organisering av medverknad lokalt og arbeidsgruppe areal vil stå for gjennomføring.

Det blir lagt opp til ein medverknadsstrategi for næringsliv og brukargrupper, organisasjonar og enkeltpersonar i samband med gul kolonne til venstre i figuren under:



Avgjerdsler for samråd i planlegginga er gitt i pbl § 3-2: "Alle offentlige organer har rett og plikt til å delta i planleggingen når den berører deres saksfelt eller deres planer og vedtak og skal gi planmyndighetene informasjon om hva som kan ha betydning for planleggingen". Samråd med statleg fagmyndigheit og fylkeskommunen er vist i grøn kolonne til høgre.

## 2.4 Konsekvensutgreiingar (KU)

Konsekvensutgreiinga sitt innhald skal bli tilpassa den aktuelle planen, og vere relevant for dei avgjerdsleane som skal bli tekne. KU skal ta utgangspunkt i relevant og tilgjengeleg informasjon. KU skal berre omfatte dei delane av planen som fastset rammer for framtidig utbygging, og som samstundes inneheld endringar av den gjeldande planen. KU skal også gjere greie for alternativ til lokalisering og teknologi, og valet skal bli begrunna mot dei ulike alternativa, og samanlikne verknadane for miljø og samfunn.

Det betyr at planen skal ha ein overordna konsekvensutgreiing av endringar i planområdet, og det skal bli gjort konsekvensutgreiingar av eventuelle enkelttiltak som kjem som innspel til planen. I Interkommunal kystsonenplan for Møre Pilot er det berre akvakultur, etablering av deponering og uttak av masser, småbåthamner og utfylling til infrastruktur som skal konsekvensutgreiast.

I praksis betyr det at akvakultur skal konsekvensutgreiast i vår plan. Det vil også bli gjennomført møter med regionale fagmyndigheiter for å avdekke tiltak som kan føre med seg vesentlege konflikter.

Vi skal lage KU for:

- ✓ nye innspel til akvakultur
- ✓ nye areal som bli sett av til A, anten som einbruk, kombinert formål eller som bruk- og vern-område
- ✓ overordna konsekvensutgreiing av akvakultur på planområdet som heilskap
- ✓ vurdere alternativ, som etablering av akvakultur på land

KU skal innehalde ei skildring av noverande miljøtilstand, og ei oversikt over korleis ein reknar med miljøet vil utvikle seg dersom planen eller tiltaket ikkje blir gjennomført (null-alternativet).

Avgjerdsleane for planbeskrivelse og konsekvensutgreiing og avgjerdsler for samfunnssikkerheit og risiko- og sårbarheitsanalyse er gitt i Pbl § 4-2 og 4-3. Rettleiing for konsekvensutgreiing frå Miljøverndepartementet (2012) vil bli lagt til grunn for arbeidet.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/konsekvensutredning-av-arealdelen/id699310/> med forskrifter og rettleiingar for metodikk: veileder\_forskrift\_konsekvensutredning\_vedlegg\_iii\_o8072015.pdf, veileder\_konsekvensutredning\_metodikk\_o8072015.pdf

For å dekke utgreiingskravet blir det lagt opp til at det ved kvart nytt formål skal følgje med ei skildring av naturgjevne tilhøve, eventuelle behovsvurderingar, samt ei vurdering av tiltaket med tanke på verknadar for miljø, natur, samfunn med meir. Det skal bli utarbeidd ein felles mal for utgreiing og vurderingar. Verdi- og konsekvensutgreiinga, samt kvaliteten på datagrunnlaget bør synast etter eit system som viser verdi og konsekvens. I tillegg skal det bli laga ei skriftleg vurdering der det er naturleg. Utgangspunktet er at denne framstillinga saman med tekstdelen skal tilfredsstille krava i forskrift om KU.

Konsekvensutgreiing skal identifisere og beskrive dei faktorar som kan bli påverka, og vurdere vesentlege verknader for miljø og samfunn. Det skal bli utarbeidd eit ikkje-teknisk samandrag av KU.

Effekter av akvakultur skal konsekvensutgreiast og avklare forholdet mellom:

Natur og miljø:

- ✓ naturmangfald jf. naturmangfaldlova med vekt på ålegras, tareskog, korallar og vill anadrom fisk
- ✓ nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål
- ✓ kulturminner og kulturmiljø
- ✓ friluftsliv inkl. reiseliv
- ✓ vasskvalitet og forureining jf. vassforskrifta
- ✓ straumhøve (Sinmod) og spreieing av parasittar og smitte

Samfunnsforhold:

- ✓ fiskeri
- ✓ akvakultur
- ✓ marin forsøpling
- ✓ farleder og ferdsel
- ✓ fritidsbusetnad
- ✓ transportbehov
- ✓ sysselsetting, befolkningsutvikling og kommuneøkonomi
- ✓ matvareproduksjon og matvaretryggleik
- ✓ beredskap og ulykkesrisiko verknadar som følge av klimaendringar, medrekna risiko ved havnivåstigning, stormflo, flom og skred
- ✓ arkitektonisk og estetisk utforming av evt. forflåter

Utgreiinga skal omfatte positive, negative, direkte, indirekte, midlertidige, varige, kortsiktige og langsiktige verknadar. KU skal innehalde ei skildring av metodene som er brukt, viktige usikkerheitsfaktorar og ei liste med opplysingar om kjelder som blir nytta.

For større tiltak kan kommunen be om nødvendig dokumentasjon slik at kommunen kan vurdere og beskrive verknadane av forslaget/innspellet. Ein forutset då at den som kjem med forslaget tek kostnaden i samband med å få tak i den dokumentasjonen kommunen ber om. For å sikre tilstrekkeleg informasjon ved innspel blir det utarbeida eigen mal. Herøy kommune vil legge ut ein digital mal til våren med frist for innspel 1.oktober 2018.

### 3 Forklaring av planområde og behov for utgreiing

Planområdet omfattar ei rekke ulike brukarar og interesser som det skal bli tatt omsyn til i planarbeidet. Alle interesser skal kartleggast for å gi eit godt grunnlag for konsekvensutgreiinga og vurderingar. Datagrunnlaget skal vere av god kvalitet, og ligge til grunn for ei heilskepleg forvaltning av sjøareala.

Sentrale utfordringar i planarbeidet vil vere å tilrettelegge for ei berekraftig utvikling innan fiskeri og havbruk, samferdsel og anna sjøbasert næringsliv, samstundes som det skal bli tatt omsyn til naturmangfald, friluftsliv og kulturminner.

#### 3.1 Følgande tema skal utgreiast

Natur og miljøressursar	
Biologisk mangfald	<ul style="list-style-type: none"><li>• Verneområde jf. naturbasen</li><li>• Registreringar av naturverdi/biologisk mangfald som syner sårbare artar og naturtyper frå naturbasen</li><li>• Inngrepsfrie naturområde (INON)</li></ul>
Djupneforhold og hydrografi Landskap	<ul style="list-style-type: none"><li>• Marine grunnkart, NiN 2.o.</li></ul>
Kulturminner	
	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kulturminner under vatn (marin arkeologi). Viser til kulturminnelova. Nye tiltak vil bli vurdert i saksbehandling av søkande.</li><li>• Sjønære kulturlandskap</li></ul>
Samfunn	
Samferdsel	<ul style="list-style-type: none"><li>• Farleder og ferdsel framstillast som svarte strekar.</li><li>• Hamneområde og viktige ankringsplassar blir avklart med Kystverket.</li><li>• Småbåthamner har reguleringsplanar som "kvitast ut"</li><li>• Hamneområde i sjø blir framstilt som Bruk- og vern-område (6001)</li></ul>
Infrastruktur	<ul style="list-style-type: none"><li>• Undervasskablar. Straumkablar skal ikkje framstillast i plankartet av beredskapsomsyn. Dei er grovt framstilt i sjøkart og ved evt. nye tiltak vil bli konfliktavklart i saksbehandling av søknadar.</li></ul>
Mudring og dumping	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ingen nye planlagde deponeringsområde som krev KU</li></ul>
Forureining	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kommunale avløp frå kommunene, kartlegge marine utslepp</li></ul>
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"><li>• Viktige friluftslivsområde i strandsona og i sjø. Registrere dei mest brukte og mest ønska friluftsområda i den enkelte kommune</li></ul>
Næringsliv og sysselsetting	<ul style="list-style-type: none"><li>• Eit av formåla med planen er å legge til rette for utvikling/etablering av næringsliv og arbeidsplassar for å sikre ein livskraftig region. Her skal arealplanen sine verknadar bli vurdert i forhold til sikring av eksisterande næringsliv og mogelegheiter for nyskaping.</li></ul>
Fiskeri og havbruk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Dokumenterte gytefelt og fiskefelt - Fiskeridirektoratet har prioritert gytefelt, fiskefelt og låssettingsplassar som skal framstillast i planen.</li><li>• Lokalisering av godkjende akvakulturanlegg inkl. fortøyingar, med mogelegheit for justeringar, frå Fiskeridirektoratet</li><li>• Vurdere avstand og straumhøve i forhold til smitte mellom anlegg ved evt. etablering nye A område. Bruke Sinmod for Søre Sunnmøre.</li></ul>
Reiseliv	<ul style="list-style-type: none"><li>• Sunnmøre har eit stort potensial og mogelegheit for utvikling av reiseliv basert på regionen sitt landskap og rike natur- og kulturverdiar. Arealplanen sin verknad i forhold til reiselivsutvikling skal vurderast. Ei analyse av reiseliv for Herøy kommune blir ferdig i 2018.</li></ul>
Samfunnssikkerheit og beredskap	<ul style="list-style-type: none"><li>• Eksisterande og tilgjengelege data om område utsett for skred/flom, havnivåstigning mm vil vi synleggjera gjennom ROS analyser</li><li>• Klimaeffekter av planen</li></ul>

### 3.2 Marine landskap og straumforhold

Naturmangfald omfattar både biologisk, landskapsmessige og geologisk mangfald, med lav menneskeleg påverknad. Naturmangfaldet i planområdet skal forvaltast etter prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning. Det er utarbeida marine grunnkart for området som beskriv djupneforhold, botntopografi og sediment med 1x1m oppløysleghet. Vi har lokale hydrografiske data om straumforhold i planområdet frå ulike kartleggingar og forskingsprosjekt, og vi vil nytte straum-modellen Sinmod for Søre Sunnmøre. Dei gir grunnlag for vurdering av spreing av partiklar, sjukdom og parasittar i vassmassene.

3.3 Arealbruk Marin næringsanalyse beskriv marin aktivitet i området i dag.

## 4 Er det behov for nye utgreiingar?

### 4.1 Biologisk mangfald

Naturmangfaldlova tek utgangspunkt i at all natur skal bli forvalta basert på dagens kunnskap. Ei økosystembasert og heilskapeleg forvaltning av sjøareala krev at det blir henta inn tilgjengeleg kunnskap og pågåande forskning, som til dømes marine grunnkart, grøn laser, marine naturtypar, marin naturtypekartlegging jf. NiN 2.o.

Planområdet omfattar følgjande tema innan naturmangfald som det skal bli tatt omsyn til i arealdisponeringa:

- ✓ Verneområde
- ✓ Utvalde kulturlandskap
- ✓ Utvalde naturtypar (ålegrasenger, ...)
- ✓ Marine naturtypar (korallrev, taeskog,....)
- ✓ Raudlistearter (uer, steinkorallar,....)

For verneområda har vi meget gode data. Kartlegging av biologisk mangfald er under (NiN 2.o.), og blir tatt inn i planen. I enkelte område kan det vere aktuelt å oppdatere eller supplere med lokal biologisk kunnskap. Det er ikkje marine verneområde eller nasjonale laksefjordar i planområdet.

### 4.2 Fiskeri

Planområdet omfattar viktige gyteområde og viktige fiskefelt. Det pågår mange fiskeri i området, og dette er kartlagt i marin næringsanalyse. I tillegg går det føre seg fritidsfiske og turistfiske i planområdet. Taretråling er underlagt Havressurslova, og ikkje plan- og bygningslova. Det betyr at kommunene kan ikkje lage eigne juridisk bindane avgjerdsler som gjeld taretråling, men vi kan lage eigne retningslinjer.

Fiskeridirektoratet har data om gytefelt og dei viktigaste fiskefelta, samt kaste- og låssettingsplassar. Dei er verdisett for samtlege kommuner og blei ferdig i 2018. Data blir oppdatert kontinuerleg og er tilgjengeleg i kystnære fiskeridata.

### 4.3 Havbruk

I planområde er det til saman 6 lokalitetar for oppdrett av matfisk laks, 1 smoltanlegg, 1 stam/yngelegg for kveite, og ventemerder ved slakteriet på Eggesbønes. Oversikt over lokalitetar og konsesjonsstorleik vert henta inn frå Fiskeridirektoratet. I tilgrensande kommunar er det oppdrett i Ørsta/Vartdalsfjorden og Hjørundfjorden. I tillegg er det lakseoppdrett i Voldafjorden.

Fiskeridirektoratet har oppdaterte data for akvakultur, men det er behov for å kartfeste "romslege" fortøyningsareal og lage reglar for dei.

Det er tillatt å søke om etablering av akvakultur i landskapsvernområde. Då er fylkesmannen forvaltningsmyndigheit, og ikkje kommunene.

#### Behov for utgreiingar:

- ✓ Kartlegge areal til berekraftig akvakultur basert på nye marine grunnkart og naturtypekartlegging
- ✓ Avklare kva artar som kan bli produsert i dei enkelte areal
- ✓ Avklare næringa sitt behov for areal, både eksisterande og nye areal, og vurdere dette mot andre interesser
- ✓ Innhente og samordne forskning om kva effekt akvakultur har på naturmangfald og smitte
- ✓ Vurdere alternative lokaliseringar og teknologi med til dømes landbaserte anlegg

#### 4.4 Kulturminne og kulturmiljø

Det er registrert område for heilskapeleg kulturlandskap som kan bli påverka av aktivitet i sjø. Direktoratet for naturforvaltning har kartlagt temadata i området. Det er registrert fleire marinarkeologiske funn i området, spesielt skipsvrak ved Runde. Dei skal ikkje bli framstilt i plankart jf. Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum. Kulturminnelova ligg til grunn, og nye tiltak vil bli vurdert i saksbehandlinga.

##### Behov for utgreiingar:

- ✓ Utgreie kulturmiljø som kan bli påverka av foreslått arealformål i sjø ut frå dagens kunnskap
- ✓ Avklare med forvaltningsmyndigheit kva som skal takast omsyn til og kva føringar som er aktuelle

#### 4.5 Forureining

Det er registrert område med forureina sediment i tilknytning til industri og i tilknytning til kommunale avløp. Dumping og fylling av masser i sjø, akvakultur og småbåthamner kan også ha påverka vasskvaliteten lokalt. Det er ikkje behov for etablering av nye område for deponering i sjø.

##### Behov for utgreiingar:

- ✓ Kartlegge område som avgrensar aktivitet (matproduksjon, fiske med meir) pga. forureining
- ✓ Kartlegge evt. område med marin forsøpling

#### 4.6 Landskap og estetikk

Landskap omhandlar estetiske verdiar i landskapet og menneske sine visuelle opplevingar, som dessutan er eit subjektivt omgrep. Det tek normalt for seg ei verdisetting av landskapet før aktuelle tiltak/inngrep blir sett i verk, og korleis tiltaket vil påverke dette etter gjennomføring. I visualiseringa av inngrep/tiltak kan det bli modellert korleis tiltaket vil opplevast frå der folk ferdast og bur.

#### 4.7 Samferdsel og infrastruktur

Sjøen er generelt eit allment ope ferdselområde og tiltak i sjø. Installasjonar eller andre tiltak som kan hindre folk flest sin ferdsel er ikkje tillate. Kystverket har hovudansvaret for farledene og ferdselsstrukturen. Dei vil bli framstilt som svarte strekar i plankartet. Data som angår sjøtransport er tilgjengeleg i Kystinfo. Når det gjeld ankringsområde med meir, har kystverket kartfesta prioriterte ankringsområde. I tillegg er det ankringsstadar som er viktig for den allmenne ferdsel. Planområdet omfattar også fiskerihamner, og det pågår eit arbeid for å fastsette vidare status for dei.

##### Behov for utgreiingarr:

- ✓ Vurdere ferdselsareal mot annen arealbruk
- ✓ Avklare med Kystverket kva ankringsområde som skal bli tatt hand om i planarbeidet
- ✓ Vurdere ankringsområder med meir, mot annen arealbruk

Kaste- og låssettingsplassar blir omtalt under fiskeri.

#### **Sjøtrafikk og nye samferdselsprosjekt**

Planområdet blir trafikkert av fergebåtar, passasjerbåtar og ulike frakdebåtar. Nye samferdselsprosjekt kan ha innverknad på planområdet, jf. HAFASST.

Vannscooterforskrifta frå 18. mai 2017 er oppheva, og vass-skuter skal frå no kunne bli brukt på lik linje med båtar. Kommunene kan framleis fastsette lokale forskrifter om bruk av vass-skuter.

##### Behov for utgreiingar:

- ✓ Korleis vil kommunene inkludere vass-skuterkøyring i arealplanen?
- ✓ Framstille bruer og moloar i plankartet

#### **Testområde**

Testområde Breisundet er klarert i sikkerheitsavdelinga i Kystverket sentralt. Kommunene blei ikkje informert då området ligg innanfor Kystverket sitt farledsareal. Det er testområde for autonome skip i Storfjorden, og bruk av testområdet skal godkjennast av Kystverket. Skal vi lage føresegningsområde (jf. § 11-9 & § 11-11) og vise til nasjonale føresegner/avgjersler?

*Testområde i sjø (pbl § 11-11.3) Innenfor bestemmelsesområdet kan sjøoverflaten, vannsøylen og sjøbunnen brukes til testing av marine konstruksjoner.*

## Småbåtanlegg, infrastruktur, sjøtilknytta industri og transport

Sjøareal som fell utanfor kystverket sitt farledsareal blir forvalta av kommunene. Det er aukande press på sjøområda med bygging av småbåthamner og flytebrygger, og det er viktig at kommunene har ein strategi på å konsentrere småbåthamner framføre mange private flytebrygger. Det er forskrifter for utslepp av kloakk frå småbåtar, og kommunene kan lage eigne forskrifter lokalt.

Vass- og avløpsleidningar og kablar i sjø og sjøtilknytta industri og transport påverkar nye etableringar. Data blir henta inn i hovudsak frå kommunene.

### Behov for utgreiingar:

- ✓ Kartlegge behov for nye småbåtanlegg og vurdere eigna lokalitetar for slike. Nye småbåthamner krev konsekvensutgreiing.
- ✓ Tilgjengelege data for vatn- og avløp og kablar skal bli registrert og takast med i plankartet
- ✓ Kartlegge sjønære industriareal og sjøvegs transport til dei, og avklare om dei skal inn i plankartet

## 4.8 Friluftsliv og reiseliv

Tilgang til friluftsområde av god kvalitet er viktig for livskvalitet, folkehelse og næringsutvikling. Planområdet har flott natur som blir nytta til friluftsliv lokalt, og til reiseliv nasjonalt og internasjonalt.

Det er mange små og større aktørar som driv sjørelatert turisme i planområdet, og som baserer aktiviteten på turistfiske og opplevingar knytt til sjøområda. Planarbeidet skal sikre friluftsområde, inklusiv badestrender, for dagens og framtidige brukarar. Statleg sikra friluftsområde ved sjø er kartfesta og tilgjengeleg i naturbasen. I nokre kommuner er det gjennomført lokal kartlegging av badeplassar som blir tatt inn i planarbeidet. Aktuelle myndigheiter og interesseorganisasjonar blir oppfordra til å definere kva kvalitetar som er viktige når det gjeld friluftsområde i sjø. Det blir gjennomført ei reiselivsanalyse for Herøy kommune i 2018. Kommunevis friluftslivs-kartlegging for Møre og Romsdal er finansiert av miljødirektoratet og skal vere ferdig 1. januar 2019.

Vi vil ikkje gjennomføre eigne analyser av befolkninga si helse, barn og unge sine oppvekstvilkår eller universell utforming i planarbeidet då det verkar lite relevant.

### Behov for utgreiingar:

- ✓ For å kunne gjere ei heilskapeleg vurdering av arealbruken er det behov for oppdatering av dei viktigaste og mest brukte sjønære friluftsområda i heile planområdet
- ✓ Kartlegge viktige område for fritidsfiske, turistfiske og anna turisme (kajakkløyper, vass-skuter) som skal bli tatt vare på i arealplanen

## 5 Risiko og sårbarheit

### 5.1. Skred og flom

Kartlegge område i sjø som er utsett for skred og flom. Kommunene har oversikt over skredutsette område på land. Vurdere omsyns-soner i sjø.

### 5.2. Havnivåstigning

Havnivået i området er estimert til å stige med 61-69 cm i perioden 2000-2100. I same periode vil landhevinga vere mellom 21 og 29 cm.

### 5.3. Klima og sjømatproduksjon

Sjømatproduksjon er ein klimavinnar.

### 5.4. Fiskehelse og smitte

Det kan ikkje bli gitt reglar som går på drifts- og næringsretta tilhøve som produksjons-kapasitet, fiskevelferd, røming og krav med omsyn til lakselus, der sektormyndigheitene har tilsynsansvar.

### Behov for utgreiingar:

- ✓ Ein må avgrense rasutsette område, samt avklare evt. føringar i samarbeid med forvaltande myndigheit
- ✓ Vurderingar av nye innspel om akvakultur i forhold til avstand, smitte mellom anlegg og i forhold til slakteri (eigentleg fagmyndigheit si oppgåve)



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2018/452
		Arkiv:	

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
68/18	Formannskapet	10.04.2018

### KOMMUNAL TILRETTELEGGING FOR MINERALRESSURSAR I KOMMUNEN

#### Tilråding:

Formannskapet stiller seg positive til at det vert søkt om stønad frå forskningsfond og at det vert gjennomført eit forsknings- og utviklingsarbeid knytt til vidareutvikling og utnytting av mineralressursane i kommunen.

Særutskrift:



## **Vedlegg:**

### **Samandrag av saka:**

Gjennom dialog med ulike fagmiljø har kommunen vorte oppmoda om så sjå nærare på forsknings- og utviklingsarbeid knytt til kartlegging og vidare utnytting av geologiske ressursar i kommunen. Kommunen har tidlegare engasjert seg i liknande forskningsprosjekt med gode resultat. FoU-prosjektet som no er lagt fram for avdeling for samfunnsutvikling utvidar horisonten frå sjø til land. Rådmannen rår til at ein går vidare og søker prosjektmidlar for eit forsknings- og utviklingsarbeid.

### **Saksopplysningar:**

Avdeling for Samfunnsutvikling har fått framlagt forslag om å bidra i eit forsknings- og utviklingsarbeid knytt til kartlegging og vidare utnytting av geologiske ressursar i kommunen. Av omsyn til konkurransesituasjonen ligg det ikkje ved søknad og delar av forskningsprosjektet er ikkje teke med i saka.

